

Giske kommune
– Historisk og framtidsetta –
Årsrapport 2018



› Rådmannen har ordet

2018 var eit år med mange viktige hendingar og milepelar, men også eit år med utfordringar i forhold til investeringar, drift og ressursbruk. Kommunen vart ROBEK-kommune i 2016 som eit resultat av eit for høgt driftsnivå over år. Det har vore arbeid med innsparingar og omstilling gjennom digitalisering og bruk av ny teknologi for å drive rasjonelt og effektivt, innanfor tilgjengeleg rammer: Drift i balanse. Status viser at målet ikkje vart nådd, heller ikkje målsettinga om nedbetaling av opparbeidd underskot. Dette inneber at kommunen blir verande på ROBEK-lista utover 2019, slik det ser ut no. Dei kommunale tenestene har i fleire år brukt meir enn budsjettet, men ekstra inntekter har vore med å gitt balanse i rekneskapen. I 2017 hadde kommunen ei god avkastning på fonds-plasseringar som gav positivt driftsresultat og nedbetaling av tidlegare års underskot. I 2018 var finansavkastninga heller negativ. Seks millionar kroner frå Havbruksfondet kom godt med i balansen men var ikkje nok til å greie nedbetaling i samsvar med forpliktande plan. Tenestområda har fått mindre rammer og har redusert tilboda, men langt frå nok til å få balanse. Kutt i rammene til tidleg innsats innan oppvekst delvis vart omfordelt i drifta, men samla enda med eit overforbruk. Veksten innanfor tenesteområda har blitt mindre, men omfanget må reduserast merkbar og strukturelle endringar må gjennomførast. Etter første tertial låg drifta vesentleg over vedteke budsjett og for å kome på kurs bad rådmannen om at auke i eigedomsskatt måtte vurderast i sambane med budsjett for 2019, og dette vart lagt inn i rådmannen sitt framlegg. Dette fekk ikkje fleirtal i kommunestyret og driftsramma for tenestene vart då redusert tilsvarande. Å kome ut av ROBEK-statusen vil vere eit første teikn på sunn økonomisk drift.

I 2018 vart akutte behov for fleire klasserom løyst med undervisningsbrakker og utbygging av Vigra skule og Valderøy ungdomsskule må vente nokre år. Det same må meir omfattande vedlikehald på kommunale bygg. Kommunal infrastruktur som vegar, vatn og avløp har blitt og vil bli bygd ut i samsvar med kapasitet og gjeldande planar for å legge til rette for framtidig bolig- og næringsutvikling.

Ein sunn kommuneøkonomi gir stabile rammer for tenesteproduksjonen og vil avstemme kva forventningsnivå innbyggjarane kan ha til kommunale tenester. Innanfor dei gitte rammene skal kommunen utvikle seg som eit godt, robust og berekraftig samfunn med:

- Næringsutvikling
- Tenesteutvikling med framtidsretta tilbod ved hjelp av omstilling og digitalisering.
- Partssamarbeid som grunnlag for utvikling av gode arbeidsmiljø og gode tenester

Veksten i innbyggartal heldt fram med 106 nye innbyggjarar til 8 398 (8 292) 01.01.19 og 108 nyfødde. I tenestene har arbeid med omstilling og nye tiltak fått ein stadig større plass, jamfør prosjektet omstilling gjennom digitalisering. Omsorgstenestene vart omorganisert slik at det vart oppretta ei ny eining Meistring og psykisk helse, trekt ut frå NAV; Barn, familie og helse, og omsorg.

Av andre viktige nye tiltak må nemnast:

Giske kommune nådde fram med søknad om mudring av Gjøvsund hamn og kom med det nærare målet om realisering av ei attraktiv nasjonal fiskerihamn. Som del av dette arbeidet tok kommunen initiativ til etablering av Gjøvsund utvikling AS. I dette selskapet har næringslivsinteresser i området føringa i samarbeid med kommunen. Det vart vidare starta arbeid med områdeplan for Sætra og Gjøvsund med brei medverknad der det vart nedsett ei arbeidsgruppe med grunneigarar og næringslivsrepresentantar i området. Kommunen var også ein aktiv part i fiskerikonferansen Next Wave der næringa blir løfta fram og gitt ein arena ei stor fiskerikommune verdig.

Etter ein lang og grundig prosess med høg grad av involvering frå innbyggjarane vart Kommuneplan 2018-2029 vedteken. Her var også sjøareala med, men det er først med marine grunnkart at størstedelen av kommunen kan regulerast på ein meningsfull måte. Om lag 95% av Giske kommune er sjøareal og vil framover bli stadig viktigare og grunnkarta vil gi viktig kunnskap for utvikling og forvaltning, i tråd med FN sine berekraftsmål. Det vart starta arbeid med Marine grunnkart (nasjonalt prosjekt MAGIN) som blir gjort av Kartverket, Norges geologiske undersøkelser (NGU) og Havforskningsinstituttet (HI). Giske kommune var her søkjar i samarbeid med Sandøy, Haram, Skodje, Ørskog, Ålesund og Møre og Romsdal fylkeskommune. .

Etter ny vurdering med nedsetting av ei ekspertgruppe tok kommunestyret ei ekstra vurderinga i forhold til kommunestruktur, og gjorde i september det viktige vegvalet om å gå vidare som eigen kommune. Med kommunereformen og etablering av Nye Ålesund kommune vart det varsla at alle interkommunale avtalar blir sagt opp, og må eventuelt reforhandlast. Giske kommune etter 2020 har vore tydeleg på at ein fortsatt vil ha eit godt samarbeid med nabokommunane, og vere aktiv i regionale fora og samarbeidsprosjekt. Kommuner var med i etableringa av Ålesund lufthamn Vigra AS, Felles klima, areal og transportplan, og samarbeid i forlenging av Byregion programmet (BYR Ålesund) med fleire prosjekt og fora for regionssamarbeid.

Omstillingsprogrammet "Tenesteutvikling gjennom digitalisering og bruk av ny teknologi" har lagt to år bak seg og resultatata blir stadig meir synlege innan skulen der nettbrett, koding og teknologibruk har ein viktig plass, og innan omsorg der velferdsteknologien vart teken i bruk med mobilteknologi, elektroniske dørlås og ulike digitale hjelpemiddel. Kommunen arrangerte ei spanande og vellykka konferanse som viste både kor langt ein har kome og potensialet for nye tilbod. Ein illustrativ video vart laga og publisert på nett. På teknisk sektor har nye karttenester tatt i bruk som eit godt redskap både i saksbehandling og for innbyggjarane. Den som driv nybrottsarbeid må ein rekne med både motstand, som kan vere velbegrunna, og feiling. Likevel, dette er berre starten på ei utvikling som skyt stadig meir fart.

Kommunen sin samfunnsplan har tittelen **samspelskommunen** og det forpliktar. Det inneber for det første erkjenninga at kommunen er avhengig av samspel med næringsliv, lag, foreiningar og innbyggjarar for å skape det gode samfunnet ein vil kommunen skal vere. Vidare er kommunen ein stor arbeidsgjevar og legg stor vekt på trepart-samarbeidet mellom politikarar, rådmann og dei tillitsvalde. Vi har brei og solid kompetanse slik at kommunen kan gi gode tenester. På nokre område er ein avhengig av å kjøpe tenester av andre og aukande behov for spisskompetanse krev både kompetanseheving i form av etter- og vidareutdanning og rekruttering av nye medarbeidarar. Kommunen blir stadig utfordra på kompetanse og har avgrensa ressursar, men saman med resten av lokalsamfunnet kan vi skape rike lokalmiljø med varierte og gode tilbod.

Oppsummert kan ein seie at kommunen produserte gode tenester på alle ansvarsområde i 2018, men det daglege arbeidet som ber dei kommunale tenestene i barnehagar, skular, kultur, omsorg, helse og tekniske tenester får ikkje dei store overskriftene. Tenestene er sjølvsgde i vårt velferdssamfunn. Manglar og avvik får meir merksemd, og det kan det vere gode grunnar til. Kommunen har utfordringar og greier ikkje alltid å levere forventa tenester, og klager blir tatt på alvor. Ein har ikkje kome langt nok med oppfølging av avvik sjøl om systema er på plass. Teknisk eining sette i gong eit LEAN-prosjekt for å bli betre på sakshandsaming, levering av prosjekt og investeringar. Målet er rask og etterretteleg informasjon, saksgang og fullføring av prosjekt. Tilsvarande tiltak må også gjerast innanfor andre tenester der kommunen ikkje er gode nok. Kommunen skal bli kjent igjen på sine verdiar:

RESPEKT, LØYSINGSVILJE, ENGASJEMENT, KVALITET.



Overordna mål og satsingar

Giske kommune skal halde ein høg etisk standard i samsvar med etisk reglement. Reglementet vert årleg gått gjennom og drøfta i kommunestyret og med dei tilsette.

Giske kommune har eit overordna internkontrollsystem og arbeider med kontinuerlig forbetring på dagsorden.

Overordna mål

- Giske kommune skal vere ute av ROBEK i løpet av 2019. Det skal vere økonomisk balanse i drifta kvart år i planperioden med avsetjing til disposisjonsfond kvart år i perioden, og årlege fondsavsetjing skal vere 1,75 % av bruttoinntekter frå 2021. Økonomisk status vert rapportert månadleg til formannskapet og pr. tertial til komitear, formannskap og kommunestyre økonomi, teneste, personale/organisasjon, og samfunnsutvikling.
- Tverrfagleg samarbeid skal leggjast til grunn for tilbod til brukarar med samansette behov.
- Gjennomføring av omstillingsprogrammet «Tenesteutvikling gjennom digitalisering og bruk av ny teknologi» held fram.
- Nettbaserte løysingar for intern kommunikasjon og informasjon skal vidareutviklast
- I utvikling av Giske-samfunnet skal det leggast vekt på tiltak og aktivitetar som bidreg til utvikling av eit heilskapleg syn på organisasjon og samfunn
- Innbyggjarmedverknad mellom val skal ha høg fokus frå kommunen si side ut over det som følgjer av lov og forskrift. Arbeidet med å utvikle godt samspel med innbyggerane held fram i planperioden.
- Giske 2020 vil levere gode tenester til innbyggerane og vere langt framme med digitale og teknologibaserte tenester. Dette føreset kompetente tilsette, evne til å gjere organisatoriske endringar og vilje til kontinuerleg å ta ut effektane som følgjer av teknologiske løysingar og arbeidsmetodar som vert valde. Dei næraste åra vil vere vår prøvetid i så måte. Giske kommune får ein ny og stor nabo i Nye Ålesund frå 01.01.2020. Dette gjer det nødvendig å avklare samarbeidsavtalar, kompetansekritiske forhold og tiltak for å utvikle Giske kommune vidare frå 2020.
- I arbeid med utvikling av Giskesamfunnet skal kommunen, etter idéar frå Island, ta initiativ til fempartsprosjekt med føremål å utvikle trygge og gode oppvekstmiljø for barn og unge. Det offentlege, foreldre og nærmiljø skal ut frå sine ansvarsområde spele på lag for å oppnå dette målet.
- Innbyggerane er sjølvhjelpete lengst mogeleg og har realistiske forventningar til kva kommunen kan levere av tenester. Gjennom dialog, medverknad og engasjement skal ein saman definere grensene for kva det offentlege kan tilby og kva den enkelte må ta ansvar for gjennom tilrettelegging ved livsendringar. Frivillige lag og organisasjonar har ei naturleg rolle i dette arbeidet.
- Innbyggjarmedverknad skal ha fokus ut over det som følgjer av lov og forskrift. Samspel med innbyggerane skal ha høg prioritet. Tankegangen bak metoden «samskaping» skal nyttast som modell for arbeidet.
- Vidare skal hovudmål for tenester, samfunnsutvikling, personal og organisasjon gitt i økonomiplanen følgjast opp.

Satsingar

- Digitalisering og teknologibasert tenesteutvikling
- Rus og psykisk helse, psykisk helseteam barn og unge, ØHD-tilbod
- Næringsutvikling
- Partssamarbeid
 1. Omstillingsprogrammet skal sikre kvalitet i alle ledd. Dette er ein grunnleggande tankegang i tenesteutviklinga til kommunen. I løpet av planperioden skal det utviklast kvalitetsplanar for kommunen sine tenester, der omstilling og digitale løysingar er sentrale element.
 2. Gjennomføring av omstillingsprogrammet «Tenesteutvikling gjennom digitalisering og bruk av ny teknologi» som starta i 2016, held fram. Lokal handlingsplan for digitalisering, vedtatt av kommunestyret i juni 2016 er grunnlag for arbeidet.
 3. Kulturplan, Kvalitetsplan for oppvekst og Helse- og omsorgsplanen skal leggjast til grunn for vidare utvikling av tenestene.
 4. Tverrfagleg samarbeid i og mellom fagområde skal leggjast til grunn for tilbod til brukarar med samansette behov. Kommunen skal sikre at tenestene vert tilstrekkeleg koordinert.
 5. Innan utgangen av 2019 skal plan for ny administrativ hovudstruktur vere politisk behandla.



Greitt á vite

Befolkning



Innbyggjarar í
Giske kommune

8398

Kommunen sin økonomi



0,5%

**Netto driftsresultat av
brutto driftsresultat**



Rekneskapsresultat mindreforbruk

0 kr

Arbeid og utdanning


Antall tilsette 654 / Antall årsverk 492



Kvinner	Årsverk
499	383



Menn	Årsverk
155	109



**gjennomsnittlig
stillingsbrøk for tilsette**



Sjukefråver 8,8%

Kilde: Statistikkpakken frå KS sitt pai-register

Barn og utdanning



Tal på barn i barnehagar **578** fordelt på



Brann og utrykking

Utrykkingar på ulike hendingar i 2018

92

inkludert øvingar, falsk/feil på alarmer



Pleie og omsorg



**Antal brukarar innan
pleie og omsorgstenester**

878

Sjå meir her: www.ssb.no/kommunefakta/giske



ORGANISASJON OG MEDARBEIDARAR

Tal på tilsette - årsverk per 01.12.2018

Giske kommune hadde per 01.12.2018 **654 tilsette**^[1] fordelt på 492 årsverk^[2]. Av desse var 499 kvinner (383 årsverk) og 155 menn (109 årsverk). 76,3 % kvinner og 23,7 % menn. Desse var fordelt slik på dei ulike sektorane:

[1] Talet på tilsette i 2017 var 652 fordelt på 485 årsverk

[2] Alt talmateriale her er henta frå KS sin statistikkpakke. Den er basert på PAI-registeret (personaladministrativt informasjonssystem) som er eit KS-register basert på opplysningar frå kommunane HRM-system. Alle løna tilsette per 01.12.2018 med unntak av folkevalde, lærlingar, unge arbeidstakarar og engasjement kortare enn 6 månader er med. Timelønne i meir enn 14 t/ver også med.

Tilsette fordelt på kjønn og sektor

Sektor	Kvinner 2015	Kvinner 2016	Kvinner 2017	Kvinner 2018	Menn 2015	Menn 2016	Menn 2017	Menn 2018
Totalt	499 (79,6%)	504 (79,4%)	509 (78,1%)	499 (76,3%)	128 (20,4%)	131 (20,6%)	143 (21,9)	155 (23,7%)
Sentraladm.	21	22	18	17	4	4	4	7
Oppvekst	212	209	209	211	37	45	50	50
Helse/sosial/plo	248	257	264	247	35	37	40	48
Kultur	6	5	6	4	6	6	6	6
Teknisk	6	11	11	12	40	39	41	39
Ymse	6		1	8	6		2	

HEILTID / DELTID

Av våre 654 tilsette arbeidde 278 (42,6%) heiltid. Dette er ei svak auke frå 2017 då 41 % arbeidde fullt.[1] 433 (66,2%) av våre tilsette arbeidde i 75% stilling eller meir. Gjennomsnittleg stillingsbrøk for tilsette er 75%[2]. 37,9 % av kvinnene jobba heiltid, medan 57,8% av mennene hadde full stilling.

Fordelinga av tilsette, stillingsbrøk og kjønn ser slik ut:

[1] I samanliknbare kommuner (kommunegr. 11) arbeidde 42 % heiltid.

[2]. I samanliknbare kommuner (kommunegr.11) er gjennomsnittleg stillingsbrøk for ansatte 76%.

Tilsette fordelt på kjønn og stillingsbrøk

Stillingsprosent		2016	%	2017	%	2018	%
0 – 24,9 %	Alle	75	11,8	72	11	66	10,1
	Kvinner	44	8,7	43	8,4	35	7,0
	Menn	31	23,7	29	20,3	31	20,1
25 – 49,9 %	Alle	34	5,4	50	7,7	43	6,6
	Kvinner	27	5,4	39	7,7	34	6,8
	Menn	7	5,3	11	7,7	9	5,8
50 – 74,9 %	Alle	124	19,5	118	18,1	111	17
	Kvinner	111	22	99	19,4	98	19,6
	Menn	13	9,9	19	13,3	13	8,4
75 – 99,9 %	Alle	151	23,8	145	22,2	155	23,7
	Kvinner	143	28,4	139	27,3	143	28,7
	Menn	8	6,1	6	4,2	12	7,8
100 %	Alle	251	39,5	267	41	278	42,6
	Kvinner	179	35,5	189	37,1	189	37,9
	Menn	72	55,0	78	54,5	89	57,8

Lønsutvikling - kvinner og menn

76,3% av dei tilsette i Giske kommune er kvinner. 15 av 19 av leiarane i rådmannen sitt leiarforum er kvinner (78,9 %) - dette inkludert rådmannen.

Lønsutvikling rådmannen sitt leiarforum (kommunalsjefar, einings- og stabsleiarar)

	2015	2016	2017	2018
Snittløn kvinner i leiarforum (eksl. rådmann)	657 356,-	671 681,-	696 442,-	722 943,-
Snittløn menn i leiarforum	687 714,-	705 927,-	714 609,-	731 796,-

Lønsutvikling kvinner og menn

Kjønn	Årsløn 2015	Årsløn 2016	Årsløn 2017	Årsløn 2018
Alle	438 012	450 396	461 736	475 182
Kvinner	432 408	444 924	458 832	472 740
Menn	462 024	473 304	472 968	486 660

LIKESTILLING

Vi er som andre kommuner ein kvinnedominert arbeidsplass, dette gjeld i alle sektorar med unntak av kultur og teknisk. 76,3% av våre tilsette er kvinner. Oppvekstsektoren har 211 kvinner og 50 menn. Helse og omsorg har 247 kvinner og 48 menn.

I oppvekstsektoren oppmodar vi særleg menn til å søkje og vi vurderer mannlege søkjarar spesielt - ei samla vurdering i høve til kvalifikasjonsprinsippet vert likevel vektlagt mest ved rekruttering. Vi etterspør mannlige lærlingar, men det er dessverre få av dei. I 2018 var 2 av 7 lærlingar i helsefag og barne- og ungdomsfaget menn. I samarbeid med NAV og

fylkekommunen deltok vi i prosjektet "Menn i helse", dette er eit nasjonalt prosjekt for å auke talet på menn i helsesektoren. Prosjektet førte for vår del dessverre ikkje til fleire menn i helsesektoren, men vi planlegg å prøve igjen.

15 av 19 i rådmannen sitt leiarforum er kvinner, dette inkludert rådmannen (kommunalsjef, einings- og stabsleiarar). Snittløn for kvinner ekskl. rådmann for kvinner var 722 943,- , for menn 731 796,-. Av 33 mellomleiarar er 26 kvinner.

Vi jobber bevisst med utjamning av lønsforskjeller i høve til kjønn og i vår lønspolitiske plan er dette ei klar målsetjing.

Vi har ei svak auke i talet på heiltidstilsette, 41 % i 2017 til 42,6 % i 2018. Høvesvis mange færre kvinner enn menn arbeider heiltid, 37,9 % av kvinnene - 57,8% av mennene. Det vert arbeidd målretta for å redusere ufrivillig deltid. Hausten 2018 starta vi å kartlegge uønska deltid ved hjelp av digitale skjema der tilsette registrerer ønska stillingsbrøk. Vi ser at ønskjer heiltid, men relativt mange ønskjer også å jobbe deltid. Kartleggingsverktøyet gir oss god oversikt over uønska deltid, og ved ledig stilling bruker leiarane denne oversikta aktivt for dele opp stillingar og auke opp stillingsbrøkar der dette er mulig. Vi arbeider med ulike turnustyper m.a for å auke gjennomsnittleg stillingsbrøk, dette er eit arbeid som er godt i gang og som vi håper vil gi resultat. Vi har i 2018 også i større grad enn før lyst ut heile "faste vikarstillingar" - dette fungerer godt. Heiltidskultur er svært viktig for tenestekvalitet og arbeidsmiljø.

Vi er ei IA-verksemd der eitt av måla er at flest mogleg kan vere i jobb. I samarbeid med NAV arbeider vi med tilrettelegging der det er mulig, og i samarbeid med NAV tek vi imot personar som har behov for arbeidstrening og språktrening. Dette vil vi halde fram med også i åra framover då dette skaper læring for alle partar.

Gjennomsnittleg grunnløn i måneden fordelt på kjønn i ulike arbeidstakargrupper

	Menn	Kvinner
Einings- og stabsleiarar	59 088,-	59 521,-
Avdelingsleiarar	50 953,-	50 759,-
Assistentar	31 664,-	30 341,-
Fagarbeidarar	33 305,-	34 533,-
Lærar	38 619,-	38 308,-
Adjunkt	42 068,-	42 311,-
Adjunkt m/ tillegg	44 709,-	44 793,-
Lektor/Master		49 116,-
Lektor m/ tillegg		48 408,-

SJUKEFRÅVÆR

Sjukefråværet er redusert frå 9,48 % til 8,8 %

Tala i tabellen under er henta frå KS sitt PAI-register i perioden 4 kvartal 2017-3.kvartal 2018. I vår interne statistikk er sjukefråværestala i same periode 7,5 %. Giske kommune deltok i 2018 i KS si satsing "NED - med sjukefråværet", det har vore arrangert workshops i alle einingar der leiing og tilsette i lag har jobba med relevante spørsmål knytt til arbeidsmiljø og nærvær. Vi har hatt ein jamn fokus på sjukefråvær og avklart enkeltsaker, og dette ser vi har gitt resultat. Vi ser at eit måltal på 5% er vanskeleg å nå - dette vil bli justert for 2019.

[2].

[1] KS forklarar ulikheitene mellom tal henta frå KS og tal henta frå andre kilder slik:

Det kan være en nivåforskjell mellom tallene til KS og tallene fra andre kilder, for eksempel den enkelte kommunes lønns- og personalsystem. Dette skyldes at det er flere ulike metoder for å beregne sykefravær, og innebærer ikke nødvendigvis at noen av tallene er gale. De viktigste forskjellene er i de fleste tilfeller hvilke grupper som inkluderes og hvor mange mulige dagsverk som brukes. Når det gjelder mulige dager bruker KS 196 dager for undervisningspersonell og 235 dager for øvrige ansatte. Tallene som er publisert på www.ks.no/fravarstall er tatt ut på fastlønte hovedstillinger, og er uten timelønte, vikarer og bistillinger. Bare ansatte som har vært ansatt i hele rapporteringsperioden på 12 måneder er med i dataene KS mottar, så personer i korte engasjementer kommer ikke med. Gruppene KS har holdt utenfor har typisk lavt fravær. Hvis man velger et annet antall mulige dager eller inkluderer andre grupper ansatte, kan det ha stor innvirkning på tallene. KS bruker selvsagt samme beregningsmetode og samme utplukk for alle publiserte tall. Våre tall kan derfor brukes til å sammenligne tall kommuner i mellom, se på utvikling over tid eller sammenligne ulike fraværstyper eller fravær i ulike sektorer. Man kan imidlertid ikke sammenligne KS' tall med tall fra lønns- og personalsystemet.

[2] Frå PAI-statistikk, sjukefravær i perioden 4.kvartal 2016 til og med 3.kvartal 2017.

Utvikling i sjukefravær (Pai-tal) 4.kvartal 2017 - 3.kvartal 2018

Sektor	Totalt % 2014	Totalt % 2015	Totalt % 2016	Totalt % 2017	Totalt % 2018
Totalt	9,95	8,37	8,99	9,48	8,8
Administrasjon	5,73	3,97	10,5	6,17	7,5
Undervisning	9,39	9,67	8,55	8,36	8,8
Barnehagar	9,84	7,7	7,79	13,27	5,6
Helse/ plo	11,87	8,09	9,82	10,88	9,5
Teknisk	6,72	8,33	6,24	4,52	8,3

Utvikling i sjukefraværet 2018 - kvartalsvis (tal er henta frå Giske kommune sitt løns- og personalsystem)

Sjukefravær - tal henta frå Giske kommune sitt løns- og personalsystem

	2014	2015	2016	2017	2018
1.kv	8	7,6	7,6	9,7	8,7
2.kv	8	5	7,4	8	6,4
3.kv	7,8	4,9	4,9	5,6	4,1
4.kv	7	5,7	7,7	7,5	8,0

Sjukefravær fordelt på alder (Pai-tal)

Alder	2014	2015	2016	2017	2018
Totalt	9,95	8,37	8,99	9,48	8,8
25 – 29 år	2,45	8,64	12,27	11,53	10,7
30-39 år	12,22	7,77	9,67	10,54	10,5
40-49 år	9,21	8,48	7,87	10,59	9,2
50-59 år	8,06	8,62	9,66	7,9	7,9
Over 60 år	13,33	8,94	7,86	7,97	6,2

REKRUTTERING / KOMPETANSEHEVING

Rekruttering har for mange typer stillingar vore ei utfordring i året som gjekk. Dette gjeld særleg sjukepleiestillingar, barnevernspedagogar, spesialpedagogar – og ingeniørar. For helse- og omsorgssektoren vil "Strategisk kompetanse og rekrutteringsplan for helse og omsorg 2019 - 2023" gi retning og vere til hjelp i rekrutteringsarbeidet. Planen vart vedteken i desember 2018.

Vi må jobbe målretta både for å redusere talet på ufaglærte, og for å styrke spesialistkompetansen. Som tidlegare år søkte vi om, og fekk tildelt midlar til ufaglærte som vil ta fagbrev. Vi la også godt til rette for andre tilsette som vil auke kompetansen sin med stipend- og permisjonsordningar. Når det gjeld omsorgssektoren mottok vi i som tidlegare år midlar frå fylkesmannen til fleire relevante etter og vidareutdanningar og fleire av sjukepleiarane og miljøterapeutane våre har gjennomført vidareutdanningar i rehabilitering, psykisk helse, rus, palliasjon, kreft, og rettleiing. Vi vil halde fram med motivere til spesialisert kompetanse. Satsinga på kursing i grunnleggande digitale ferdigheiter held fram.

Våren 2018 avslutta 12 lærarar vidareutdanning, og 12 nye starta vidareutdanning hausten 2018. Tre avdelingsleiarar i skulen avslutta rektorutdanninga si i 2018, og vi fekk stipend frå Utdanningsdirektoratet til to lærarar som ønskte å ta PPU (Praktisk pedagogisk utdanning)

Overordna kvalitetsplan for oppvekst vart utarbeidd og vedteken i 2018, det vart også "Handlingsplan for interkommunalt samarbeid om barnehage, skule og SFO på Nordre Sunnmøre 2018 - 2020".

I samarbeid med Sunnmøre kommunale opplæringskontor rekrutterer vi lærlingar. Målet er at vi skal ha minst 1 lærling per 1000 innbyggjar og vi hadde førre året 7 plasser, fordelt på helsefag, barne og ungdomsarbeidar og institusjonskokk. Ein lærling frå Giske kommune deltok i «rekrutteringspatruljen» som besøker ungdomsskulane i regionkommunane for å motivere ungdom til å ta helsefagleg utdanning. Læreplassane våre frå gode tilbakemeldingar frå opplæringskontoret, dette gjeld både leiinga sin jobb med tilrettelegging, og kvaliteten på instruktørane.

PARTSSAMARBEID / VERNETENESTE / HMS

Som i 2017 har partssamarbeidet vore eit satsingsområde i 2018. Dette har vore ei viktig satsing, og partssamarbeidet fungerer i all hovudsak godt. Arbeidet har ført til ei auka forståing for partane sine roller og kva omsyn dei må og skal ta i sitt arbeid. Det er semje om brukarfokus: det overordna målet med partsamarbeidet er å levere best mulig tenester til brukaren og innbyggjarane.

Inntrykket er at vernetenesta også fungerte godt. Vi har i dei siste åra, i samarbeid med bedriftshelsetenesta, kalla alle vemeombod inn til 4 - 5 samlingar i året der HMS-saker står på agendaen. I 2018 har fokuseti denne gruppa vore på mobbing- og trakassering, varsling, og vald og truslar i arbeidsmiljøet. Prosedyrer knytt til desse temaene er, i samarbeid med vernetenesta, gjennomgått og revidert i året som gjekk.

Sein haust 2018 starta planleggingsarbeidet av gjennomføring av medarbeidarundersøkinga 10-faktor i lag med leiarar, tillitsvalde og verneteneste. Målet var gjennomføring i februar 2019.

ETIKK

Verdiane er Giske kommune sine kjerneverdier nedfelt i verdidokumentet vårt. Vi har etiske retningslinjer som vert gjennomgått for alle tilsette årleg.

Både verdidokumentet og dei etiske retningslinjene skal fungere som rettesnor i møte med innbyggjarar, medarbeidarar og samarbeidspartnarar. Dei skal minne om grunnleggjande prinsipp i offentleg forvaltning og seier noko om korleis ein skal opptre og utføre arbeidet. Dette kan vere til hjelp i konkrete situasjonar med uklare etiske grenser, eller der det kan oppstå mistillit og kommunen sitt omdømme i verste fall bli skadd. Retningslinjene skal også vere grunnlag for etisk refleksjon ute på arbeidsplassane, i det daglege arbeidet.

Fleire av arbeidsplassane innan helse og omsorg praktiserer etiske refleksjon i grupper.



1 Politisk styring og kontrollorgan

Politisk styring og kontrollorgan omhandlar fylgjande tenesteområde:

Kommunestyre og formannskap	Kommunerevisjon og kontrollutval
Diverse utval / styrer og råd	Stortings- og kommuneval
Eldreråd	Komité for oppvekst og helse
Økonomisk stønad til politiske parti	Komité for kultur, miljø og tekniske saker

Teneste	1 POLITISK STYRING	Regnskap	Buds(end)	Budsjett	Regnskap
	Alle tal i heile 1 000	2018	2018	2018	2017
1000	KOMMUNESTYRE OG FORMANNSKAP	2 310	1 969	1 924	2 131
1005	POLITISKE KOMITEAR	222	416	416	344
1010	DIVERSE UTVAL/STYRE/RÅD	446	272	272	370
1020	ELDRERÅD	40	85	85	20
1050	ØKONOMISK STØNAD TIL POLITISKE PARTI	48	45	45	101
1060	KOMMUNEREVISJONEN - KONTROLLUTVAL	918	904	904	906
1070	STORTINGS- OG KOMMUNEVAL	-	-	-	180
Sum gruppeansvar: 1 POLITISK STYRING		3 983	3 690	3 645	4 052

Driftsrekneskap for Politisk styring og kontrollorgan viser eit meirforbruk på kr 293 000 i høve korrigert driftsbudsjett. Meirforbruket skriv seg frå høgre pensjonsutgifter, meir godtgjersle frå kurs og reiser, samt innbyggjarundersøkelsen i høve kommunesamanslåing.

KOSTRA

		2018	2018	2017	2017
		1532 Giske	Kostragruppe 11		
100 Politisk styring	Netto driftsutgifter på funksjon/tjenesteområde per innbygger (kr)	360	472	377	459
110 Kontroll og revisjon	Netto driftsutgifter på funksjon/tjenesteområde per innbygger (kr)	113	131	107	142

Indikatoren viser kor mykje av dei totale utgiftene som vert brukt til politisk styring og kontrollorgan. Data vises i kroner per innbygger.

Tala syner at Giske kommune innafor kostra funksjon 100 Politisk styring har ein nedgang frå 2017 til 2018 med 17 kr per innbyggjar, dette kjem mest sannsynleg av at det ikkje var stortings-/kommuneval i 2018. Ser ein i høve kostragruppe 11, ligg Giske kommune både lavere og har mindre auke enn gjennomsnittet.

På kostra funksjon 110 Kontroll og revisjoner er der ein auke på kr 6 per innbyggjar frå 2017 til 2018, kostragruppe 11 har ein nedgang på kr 11 per innbyggjar. Giske kommune ligg likevel under snittet for kostragruppe 11 i kroner per innbyggjar.



Oppfølging av kommunestyrevedtak

Giske kommunestyre behandla i alt 67 saker i 2018. Av dette er 59 saker ferdigstilt medan 8 saker er under arbeid ved utgangen av året.

	Møte	Møte	Saker	Saker
	2017	2018	2017	2018
Kommunestyret	6	6	74	78
Formannskapet	17	16	127	152
Næringsutvalet	5	4	11	10
Styre for finansforvaltning	0	0	0	0
Landbruksnemnda	4	6	11	15
Komité for miljø og teknisk	11	9	82	79
Komité for oppvekst og kultur	7	5	66	39
Komite for helse og omsorg	8	5	41	32
Eldrerådet	5	6	29	32
Rådet for funksjonshemma	5	6	35	30
Nammenemnda	3	0	12	0
Viltnemnda	1	1	2	3
Valnemnda	0	0	0	0
Valstyret	2	0	3	0
Kontrollutvalet	1	4	5	22



2 Kommuneleing - Stab

Kommuneleing – stab omhandlar fylgjande tenesteområde

- Rådmann og kommunalsjefar
- Personal og løn
- Økonomi
- Saksbehandling – felles

Eininga skal levere tidsrette støttefunksjonar i hehold til krav og forventningar som er stilt til kommunens kjerneverksemd og strategiske satsingar.

Drift

Teneste	2 KOMMUNE LEIING - STAB	Regnskap	Buds(end)	Budsjett	Regnskap
		2018	2018	2018	2017
1200	RÅDMANN - KOMMUNALSJEFAR	4 066	3 925	3 622	3 760
1210	PERSONAL OG LØN	2 293	2 118	2 118	2 150
1220	ØKONOMI	3 834	3 910	3 910	3 714
1230	SERVICEKONTORET	2 487	2 632	2 632	2 430
1250	IKT	230	664	664	-
1260	SAKSBEHANDLING - FELLES	2 028	2 176	2 176	2 121
2110	BARNEHAGE	419	402	402	405
2120	GRUNNSKOLE	397	539	539	614
2412	PSYKISK HELSEVERN	99	-	-	-
2440	BARNEVERN TENESTE	355	237	237	339
2540	PLEIE, OMSORG, HJELP TIL HEIMEBUANDE	640	468	468	280
Sum 2 KOMMUNE LEIING - STAB		16 847	17 072	16 769	15 813

Investering

	2 KOMMUNE LEIING - STAB	Regnskap	Buds(end)	Budsjett	Regnskap
		2018	2018	2018	2017
Alle tal i heile 1000					
1301	OMSTILLING GJENNOM BRUK AV IKT, DIGITALISERING OG NY TEKNOLOGI	-	-	-	7
Sum gruppeansvar: 2 KOMMUNE LEIING - STAB		-	-	-	7

Området hadde eit mindreforbruk på ca kr 225 000.

Eit mindreforbruk på teneste 1250 IKT kjem av stillinga som systemintegrator vart ståande ledig til og med September. At mindreforbruket samla sett ikkje vart høgre kjem av at utgifter til løn tilsatt på tildelingskontoret er bokført på dette området, men budsjettert på tildelingskontoret.

Overskot på nokre tenester skriv seg frå vakansar ved sjukefråvær og inntektsauke som skriv seg frå fleire sjølvkostområde og auke i inntekter frå VAR sektoren.


Der har ikkje vore investeringar i 2018.

Kostra

Netto driftsutgifter administrasjon per innbyggjar.

Indikatoren viser kor mykje av dei totale utgiftene som vert brukt til administrasjon og styring per innbyggjar. I indikatoren inngår administrativ ledelse, stab- og støttefunksjoner, Data vises i kroner per innbyggjar.

I tabellen nedanfor er det ikkje berre utgifter knytt til rammeområde 3 Kommuneleiing - stab. Tenester som er knytt til rammeområde 3 Fellesutgifter/fellesinntekter, rammeområde 7 Pleie og omsorg og sjølvkostområda i rammeområde 9 Teknisk er også med i tabellen.



Tala syner at Giske kommune har ein auke frå 2017 til 2018 med kr 220 per innbyggjar.

Giske kommune bruker kr 474 mindre per innbyggjar enn gjennomsnittet for kostragruppe 11. Dersom Giske skulle bruke det samme som gjennomsnittet i kostragruppe 11 vill dette utgjort ein auke på 4 mill. kr.

Studier har vist at kommuner tolker og definerer administrasjon ulikt i KOSTRA. Det inneber at tala ikkje er direkte samanlignbare mellom alle kommunar og er noko usikre.



› Toppleiing

Giske kommune si administrative toppleiing består av

- Rådmann
- Kommunalsjef - med ansvar for oppvekst, kultur og teknisk
- Kommunalsjef - med ansvar for helse- sosial og omsorg.

Rådmannen er næraste overordna for staben.

Toppleiinga si viktigaste oppgåve er å sjå til at politiske vedtak og sentrale målsettingar for tenestene våre vert iverksette. Toppleiinga er bindeleddet mellom dei folkevalde og administrasjon/dei ulike fagområda i kommunen.



Stab

Personal og løn

Personal- og lønsavdeling har 3,9 årsverk. Avdelinga sine hovudoppgåver er:

- Utvikling/vedlikehald av overordna arbeidsgivarpolitikk og løpande arbeid knytt til dette
- Støtte og rettleiing til einingane i utøving av arbeidsgivarpolitikken
- Lønskøyring/lønsarbeid/lokale lønsforhandlingar/pensjon/forsikring
- Rekruttering/kompetanseutvikling
- HMS/IA-arbeid/arbeidsmiljø
- Samarbeid med fagorganisasjonar og verneteneste
- Systemadministrasjon - digitale verktøy

Det daglege løns- og personalarbeidet går bra og inntrykket er at samarbeidet med tillitsvalde, verneombod, rådmannsteam og einingsleiarar fungerer godt. Avdelinga har stabile tilsette og trivselen er god. Avdelinga har ikkje sjukefråvær.

Hovudmål

Gjennomføring av omstillingsprogrammet "Tenesteutvikling gjennom digitalisering og bruk av ny teknologi"

Måloppnåing

Personalavdelinga har etablert og gitt opplæring i desse tiltaka i 2018:

Digital sjukefråværsoppfølging - fyrste del vart ferdig i 2017. Del to, digital levering av søknad om sjukepenger; Digisyfo m.m vart ferdigstilt i 2018.

Rekrutteringsmodulen er fornya og fleire digitale modular ligg føre.

Mål om ny organisering i stab- og støttefunksjonar:

Gjennomgang av organisering stab- og støttefunksjonar var planlagt avklart i 2018. På grunn av rekruttering av ny rådmann hausten 2018 vart dette utsatt til våren 2019. Målet om presentasjon av framtidig kompetanseprofil i stab er som følge av dette også utsatt til 2019.

Økonomi

Økonomiavdelinga i Giske kommune har 3,7 årsverk. Avdelinga sine hovudoppgåver er:

- Føre rekneskap til Giske kommune, Giske kyrkjelege fellesråd og legatrekneskap, herunder fakturamottak for heile kommuneorganisasjonen
- Brukarstøtte for budsjettverktøy, økonomi- og e-handelssystem
- Utarbeiding av samla årsbudsjett og økonomiplan for kommunen
- Rapportering/budsjettoppfølging
- Gi einingsleiarar m/fl. støtte og rettleiing innan økonomi
- Saksbehandling politiske saker
- Finansforvaltning
- Vere kommunen sitt kontaktpunkt for innkjøpsfelleskapet på Sunnmøre
- Koordinere KOSTRA-rapportering frå Giske kommune.
- Vere kommunen sitt kontaktpunkt i høve Nordre Sunnmøre kemnerkontor, skatteoppkrevjing og arbeidsgjevarkontroll.
- Administrere kommunen sine skadeforsikringar.
- Tilrettelegging for innkrevjing av kommunale økonomiske krav. Desse vert oversendt til inkassoselskap som står for innkrevjinga.

Avdelinga leverer i hovudsak tenester til interne brukarar. Det er likevel ein del publikumskontakt knytt til fakturakopi og spørsmål om utsende faktura, lån og aktivitet kring innkrevjing. Avdelinga er avhengig av godt samarbeid med eksterne leverandørar, lån- og finansforvaltarar, samarbeidskommunar og andre samarbeidspartnarar.

Hovudmål

Gjennomføring av omstillingsprogrammet "Tenesteutvikling gjennom digitalisering og bruk av ny teknologi"

Måloppnåing

Økonomiavdelinga har gjennomført desse tiltaka i 2018:

- Elektronisk saksgang ved behandling av manuelle bilag og elektronisk bilagsarkiv,
 - Resultatmål 2020: 100%. Resultatmål i 2018 var gjennomføring av opplæring og reduksjon i talet på manuelle bilag. Det har vore opplæring både på gruppe- og individnivå. Manuelle bilag er redusert frå 2023 i 2016 til 263 i 2018, d.v.s ein reduksjon på 87%.
- Auke andel elektroniske faktura frå leverandør
 - Resultatmål for dette er 100% i 2020. Andel elektroniske faktura har auka frå 63% i 2016 til 75% i 2017 og 83,33% i 2018. Det må setjast i verk tiltak skal ein klare å nå målet for 2020.
- Innbyggerinsyn WEB - faktura
 - Resultatmål er å gi betre service til innbyggerane. Der dei kan sjå faktura som er utsende, ta utskrift og søkje om utsett betaling.
- Auke andel digital utsending av faktura til kundar/brukarar
 - Resultatmål 2020 er 90%. Målet for 2017 var å vere ein tilbydar av faktura sendt til digital postkasse, slik at ein saman med andre offentlege og private aktørar bidreg til auka fokus og fleire brukarar. Efaktura og avtalegiro har vore i bruk i fleire år, og dei siste åra har det vore liten vekst. Utsending av faktura til digital postkasse vil saman med ny funksjonalitet i fagsystem og hos betalingsinstitusjonar i høve autogiro og efaktura bidra til auka vekst. På grunn av manglar i fagsystem har ein ikkje kunne ta i bruk ny funksjonalitet, ein går ut frå at dette vil betre seg i 2019.

I tillegg kjem endringar som berre påverkar internt i avdelinga. Å arbeide for å betre prosessar og rutinar som kan forenkle og forbetre, er ein kontinuerleg prosess som i stor grad vert gjennomført i takt med kva systemleverandøren utviklar og tilrettelegg. Døme på dette er autopay- automatisk remiteringsrutine, integrasjonar mot Altinn, setje opp automatiserte jobbar. I tillegg kjem arbeid med å tilrettelegge for bruk av eksisterande funksjonar - å bruke fagsystemet fullt ut.

Servicekontoret

Servicekontoret i Giske kommune har i dag 6,5 stillingsheimlar/årsverk. Av dette er 0,5 knytt til PPT. Sjølv servicekontoret utgjer 6 årsverk fordelt på 7 personar.

- sentralbordteneste
- informasjon og rettleiing
- kommunale avgifter
- felles saksarkiv
- postbehandling
- politisk sekretariat
- innkjøp til avdelingar i rådhuset

Hovudmål

Gjennomføring av omstillingsprogrammet "Tenesteutvikling gjennom digitalisering og bruk av ny teknologi"

Måloppnåing

Servicekontoret digitaliserte postutsending i 2016 med full årsdrift frå 2017 ved innføring av tenesta KS-SvarUt. Kontoret har ikkje full oversikt over all post som vert sendt frå kommunen. Via SvarUt vart det i 2018 sendt 7.771 dokument. Av dette vart 4.268 sendt/lest digitalt og 3.084 sendt til print.

SvarUt vart tatt i bruk som teneste i midten av 2016. Når det gjeld porto har forbruket utvikla seg slik som følge av digitaliseringa:

2015: kr. 278 702

2016: kr. 248 787

2017: kr. 196 400

2018: kr. 213 000

I desse summene ligg all porto, også for det som blir printa frå SvarUT. I tillegg har portotakstane auka kvart år. Innsparinga er bra, men ville vore monaleg høgare viss alle som tek i mot post digitalt reelt sett nytta tenesta ved å hente ut posten frå si digitale postkasse.

Folkehelsekoordinator

Giske kommune har folkehelsekoordinator i 100 % stilling, der 20% ligg til omsorg.

Folkehelsekoordinatoren:

- er prosjektleiar for kommunen si deltaking i «Nærmiljø og lokalsamfunn som fremmar folkehelse». Ein del av prosjektet i 2017 var samarbeid med Norges Miljø- og Biovitenskapelige Universitet (NMBU) og tema *kvalitetar ved møteplassar i Giske*.
- er ansvarleg for tilbodet Aktiv på dagtid. God deltaking både på tur og treningssenter
- er leiar av prosjekt "Meiopen kommune" (inkludert biblioteket som møteplass). Fortset inn i 2019.

- er kontaktperson for StikkUT.
- deltek i møte og drøftingar vedr ulike friluftrelaterte saker.
- deltek i kursrekke for førstegongsfødande (med tema ernæring).
- leiar arbeidet med Ungdata2017, følger opp resultat og tiltak i skulane.
- er med i samarbeidsprosjektet omkring "Go'fisken", mellom næringlivet, dei kommunale barnehagane og kjøkkenet.
- leiar for frisklivssentralen. Planlegging av samarbeid med barnehagane starta i 2017 og går vidare i 2018.
- har eit godt samarbeid med teknisk eining, er ein viktig arena for det lokale folkehelsearbeidet. Arbeid for betre medverknad, samt kartlegging og verdisetting av friluftsområde er viktige element i dette. Folkehelsekoordinator deltek på oppstartsmøte i reguleringsaker og har vore aktiv i arbeidet kring kommuneplanen sin arealdel.

Hovudmål: folkehelse i alt vi gjer.



3 Fellesutgifter - fellesinntekter

Fellesutgifter - fellesinntekter omhandler fylgjande tenesteområde:

På dette ansvarsområdet blir det ført inntekter og utgifter som er felles for heile kommunen sin organisasjon og som ikkje kan knytast opp mot ein skilde einingar eller stab. Døme på dette er:

- Felles personaltiltak / arbeidsmiljø
- Generelle arbeidsmiljøtiltak
- Diverse fellesfunksjonar:
 - Felles IT program, maskinvare og serviceavtaler.
 - Felles datakommunikasjon
 - Telefon og telefax
 - Frankering – porto
 - Kontingent til KS
 - Felles pensjonsutgifter/inntekter - premiefond.
 - Premieavvik blir samla her frå 2011.
 - Løn til hovudtillitsvalde
 - Utgifter til bedriftshelseteneste

Drift

		Regnskap	Buds(end)	Budsjett	Regnskap
		2018	2018	2018	2017
Teneste	3 FELLESUTGIFTER/FELLESINNTEKTER				
1212	GENERELLE PERSONALPOLITISKE TILTAK	1 091	1 559	1 503	1 195
1215	GENERELLE ARBEIDSMILJØTILTAK	1 018	621	621	967
1240	DIVERSE FELLESFUNKSJONAR	10 014	8 836	8 836	8 944
1700	ÅRETS PREMIEAVVIK KLP	-8 670	-10 371	-10 371	-2 918
1701	ÅRETS PREMIEAVVIK SPK	424	391	391	336
1710	AMORTISERT PREMIEAVVIK KLP	4 552	4 814	4 814	4 488
1711	AMORTISERT PREMIEAVVIK SPK	119	142	142	137
1720	PENSJON	117	-2	-2	126
1730	PREMIEFOND	-7 379	230	230	-4 749
1800	DIVERSE FELLESUTGIFTER	19	-	6 441	15
2110	BARNEHAGE	154	222	222	164
2120	GRUNNSKOLE	26	149	149	152
2343	KJØKKEN (MAT TIL HEIMEBUANDE)	55	110	110	87
2411	FYSIO-/ERGOTERAPITENESTE	3	-	-	-
2540	PLEIE, OMSORG, HJELP TIL HEIMEBUANDE	438	730	730	582
2546	GISKE OMSORGSSENTER	220	-	-	53
2547	VIGRA OMSORGSSENTER NORDSTOVA	22	-	-	-
2548	BUFELLESSKAP FUNKSJONSHEMMA	-	-	-	28
	Sum 3 FELLESUTGIFTER/FELLESINNTEKTER	2 224	7 432	13 816	9 606

Rammeområde 3. Fellesutgifter – fellesinntekter viser eit mindreforbruk i netto driftsutgifter på kr 5 208 000.

Generelle personalpolitiske tiltak - har eit mindreforbruk på 468 000. Til tenesta ligg blant anna frikjøp av tillitsvalde. Mindreforbruket skriv seg i stor grad frå høgrefusjon frå fagforeningane enn budsjettert

Generelle arbeidsmiljøtiltak - overforbruk kr 397 000, som i hovudsak kjem av for lavt budsjetterte utgifter til bedriftshelseteneste.

Diverse fellesfunksjonar - meirforbruk 1,178 mill kr. Samansett av forsikring, betaling til eKommune, IKA og lisensar og serviceavtalar.

Premieavvik vert budsjettert som inntekt – amortiseringa ei utgift, avviket er på 1,4 mill kr. Meirforbruk vert oppvegd av bruk av premiefond som vart 7,6 mill kr. Begge deler må sjåast i sammenheng med pensjonskostnadane som er fordelt på einingane, netto vart det eit samla meirforbruk på pensjonsutgifter på 933 000.

Premieavviket er differansen mellom den berekna pensjons-kostnaden som vert ført i rekneskapen og premien som faktisk er betalt. Den betalte premien vil blant anna avhenge av avkastninga pensjonstilbydaren oppnår på pensjonsmidlane og lønsveksten rekna med utgangspunkt i lønsnivået ved utgangen av året.

Det er verd å merke seg at pensjonskostnaden vert fordelt på einingsnivå, medan premieavviket vert ført på rammeområde 3. Dette gjer at effekten av premieavviket ikkje vil verte synleg på rammenivå slik at dei får ein relativ høg pensjonskostnad.

Dei øvrige tenestene gjeld stort sett lærlingløn for heile kommunen. Avvika kjem av at den faktiske fordelinga av lærlingane vart ulik den budsjetterte.

Investering

	3 FELLEUTGIFTER/FELLESINTEKTER	Regnskap	Buds(end)	Budsjett	Regnskap
Prosjekt	Alle tal i heile 1000	2018	2018	2018	2017
1301	OMSTILLING GJENNOM BRUK AV IKT, DIGITALISERING OG NY TEKNOLOGI	4 926	4 622	4 000	3 367
1304	EIGENKAPITALINNSKOT KLP	1 455	1 250	1 250	1 325
6006	TEKNISKE ANLEGG OKSNES	-	-	-	1
	Sum : 3 FELLEUTGIFTER/FELLESINTEKTER	6 381	5 872	5 250	4 693

Investeringar i 2018 gjeld:

Investeringar i prosjekt 1301 OMSTILLING GJENNOM BRUK AV IKT, DIGITALISERING OG NY TEKNOLOGI

Det vart budsjettert med 4 mill kr til prosjekt 1301 omstilling gjennom bruk av IKT, digitalisering og ny teknologi, i tillegg kjem ubrukte løyvingar frå 2017. Meirforbruket kr 304 000 kjem frå satsingar innan digitalisering.

Eigenkapitalinnskot KLP, dette utgjorde kr 1 325 000 og var budsjettert med kr 1 250 000. Investeringa kan ikkje lånefinansierast og er derfor finansiert gjennom overføring frå driftsrekneskapen.



4 Diverse tenesteområde

Diverse tenesteområde omhandlar fylgjande tenesteområde:

- Sosialtenester
- Næring
- skogbruk
- Viltforvaltning
- Beredskap

Drift

	4 DIVERSE TENESTEOMRÅDE	Regnskap	Per.b(end)	Budsjett	Regnskap
2420	SOSIAL RÅDGJEVING OG VEILEDNING	2 231	1 905	1 852	2 003
2421	FLYKTNINGKONTOR	5	-	-	1
2430	TILBOD TIL PERSONAR MED RUSPROBLEM	1 207	1 365	1 365	1 148
2730	KOMMUNALE SYSSELSETTINGSTILTAK	-	20	20	-
2760	KVALIFISERINGSPROGRAM	473	1 003	1 003	252
2810	ØKONOMISK SOSIALHJELP	3 476	2 237	2 237	2 646
2851	NAV DRIFT - STATLEG DEL	-10	-14	-14	-4
3250	NÆRINGSKONTORET	2 048	1 633	1 617	1 516
3253	JORD- OG SKOGBRUK	504	523	523	481
3610	VILTFORVALTNING	88	43	43	57
	Sum gruppeansvar: 4 DIVERSE TENESTEOMRÅDE	10 020	8 715	8 645	8 099

Investering

	4 DIVERSE TENESTEOMRÅDE	Regnskap	Buds(end)	Budsjett	Regnskap
Prosjekt	Alle tal i heile 1000	2018	2018	2018	2017
3250	The North West - kjøp aksjer	-	-	-	282
3251	Gjøvsund Utvikling AS (921 716 966) - Kjøp av aksjer	-	300	-	-
3252	Utviklingsforum for Ålesund Lufthavn Vigra AS - kjøp av aksjer	-	25	-	-
5856	GJØSUND NASJONAL FISKERIHAMN	91	-	-	131
	Sum : 4 DIVERSE TENESTEOMRÅDE	91	325	-	414



› Næringskontor

NÆRINGSLIV OG BEREDSKAP

Tenesta har eitt årsverk.

Hovudoppgåver:

- rådgjeving for nyetablerarar gjennom kommunen sitt «hoppid.no-kontor»,
- utvikling av prioriterte næringsområde i hht. Strategisk næringsplan 2016-25,
- samordning av beredskapsarbeid
- informasjonsarbeid knytt til nettportal og sosiale media
- medlem i planforum og andre kommunale arbeidsgrupper

Utførte tiltak 2018:

Det vart utarbeidd 36 saker for politisk behandling, 3 delegerte saker og gjennomført 121 møte for og med næringslivet i tillegg til 36 internmøte og 17 beredskapsmøte.

Prosjekt og oppgåver fordelt på arbeidsområde er m.a.:

Næringsliv: tildeling av Årets Bedrift-pris til Nor-Helikopter AS, næringsfondsøknader og etablerarstøtte, prosjektgrupper som kommunal stand på Nor-Fishing i Trondheim og nytt flyplassforum i regi av Region Ålesund.


Utvikling av Gjøvsund Hamn som regional/ nasjonal fiskerihamn med kommunen som medstiftar av Gjøvsund Utvikling AS, og søknad om statleg refusjon av kostnader til mudring av hamna.

Beredskap: revisjon av planverk, etablert nødnettsamband, ny ROS-analyse om tunnelstenging, EPS-plan, møte, kurs og øvingar med beredskapsleiinga, fylkesmannen og internt med alle einingar.

Facebook, [Flickr](#), [Instagram](#), [nettportal](#)

Diverse: Innovasjonscamp på Valderøy ungdomsskule,

Giske har låg arbeidsløyse, ca 1,7%, ned frå 2,2% i 2017. Det er viktig å utvikle lokale jobbtillbod gjennom eksisterande næringsliv og nyetableringar. Dette er miljøvenleg, ressursparande og skapande for lokale, sosiale nettverk. Giske har i fleire år vore er ein av kommunane i M&R med høgast tal på etableringar i høve til folketalet, og det vart registrert 97 nye selskap i Enhetsregisteret til Brønnøysund.



› Landbruk og viltforvaltning

LANDBRUK OG VILTFORVALTNING:

Giske er ein middels stor landbrukskommune i Møre og Romsdal. Kommunen kjøper landbrukstenester tilsvarande 0,5 årsverk frå Haram. Landbrukskontoret er sekretariat for viltnemnda i Giske kommune.

Etter ei kraftig strukturrasjonalisering har det dei siste fire - fem åra stabilisert seg med om lag 35 aktive gardsbruk i Giske. Desse gardsbruka driftar det meste av dei om lag 9000 dekar det er med jordbruksareal i kommunen. I Giske kommune er det også etter kvart synleg med jordbruksareal som ikkje er i drift, og som bør utgreiast nærare.

Det vert utført om lag 43 årsverk direkte i landbruksproduksjonen. Kwart årsverk i landbruket skaper ein til to arbeidsplassar i andre tilstøytande verksemdar. Matproduksjonen og råvarer frå landbruket i Giske kommune har ein salsverdi på om lag 30 millionar kr i året. Om lag 80% av dette kjem frå mjølkebruka inkludert kjøttproduksjonen.

Kommunen si viktigaste oppgåve for å oppretthalde og utvikle landbruket i kommunen er ei stødig arealforvaltning. Kommunen har no ein ny kommuneplan - å halde fast på planen skaper ro og forutsigbarheit for næringa.

Bestanden av hjort er aukande. Fellingsresultata er enda ikkje heilt klare, men resultata etter jakta vert om lag 75 -80 hjort og om lag 90 - 100 rådyr.



› Sosialtenesta - NAV

Økonomi:

Ansvar 3300 Sosialtenesta hadde eit meirforbruk på kr 864 304. Teneste 2810 Økonomisk sosialhjelp hadde åleine eit meirforbruk på kr 1 238 995 der dei store utgiftspostane skriv seg i frå stønad til husleige, stønad til livsopphald og stønad til tannbehandling.

Mindreforbruk på tenestene 2430 Tilbod til personar med rusproblem og 2760 Kvalifiseringsprogram var med og redusere det totale meirforbruket på Ansvar 3300.

Årsaka til meirforbruket på Ansvar 3300 er samansett. Sosialtenestelova er ein velferdslov, som gjev brukar rettigheter etter kriterier for tildeling og utmåling av ytingar etter ein minstestandard når det gjelder sosiale tenester og økonomisk stønad. Talet på brukarar av sosialtenester er aukande, kostnaden per brukar er stigande, dei statlege reglane for Arbeidsavklaringspengar vart strengare i frå 1.1.2018 og fleire brukarar slit med tunge gjeldsproblem. NAV Giske har hatt stor utskifting av tilsette i 2018.

Måltal:

Arbeidssøklarar og personar med nedsett arbeidsevne: 388

Sjukmelde: 259

Økonomisk sosialhjelp: 124 personar

Personar <24 som fekk økonomisk sosialhjelp i <3 månader: 7 personar

Gjeldsrådgjeving: 23 personar

Måloppnåing:

NAV Giske har hatt eit tydeleg arbeidsfokus i møte med brukarane. Dei strengare reglane for AAP gjer at det har vorte færre brukarar i arbeidsretta tiltak. Ungdom raskt ut i arbeidstrening. God kontakt med arbeidsgjevarane og registrering av arbeidsmarknadsbistand mot verksemdene. Samarbeidet omkring flyktningar, mellom anna Introduksjonsprogrammet for å gi flyktningar tidleg arbeid, kunne ha vore utvikla ytterlegare.

NAV Giske opprettheld sin fokus og innsats på å inkludere utsette grupper på arbeidsmarknaden, blant anna ved lågterskel aktivitetstiltak i samarbeid med fleire samarbeidsaktørar. Bruken av Frivilligsentralen som lågterskeltilbod har fortsatt stor gevinst.


NAV Giske har hatt stor utskifting av tilsette sidan 31.12.2017. 2 tilsette vart flytta til BFH og 3 har funne seg nye utfordringar hos andre arbeidsgjevarar. Dette har vore krevjande for drifta ved kontoret og har nok påverka måloppnåinga.

Auka grad av digitalisering i NAV-systemet fortset - og gjer at NAV Giske no har ope måndag, onsdag og fredag, kl. 10 – 13. Og i endå større grad enn tidlegere skal brukarane i hovudsak vere sjølvhjelpete.


Målet er «Arbeid først», med spesiell fokus på ungdom under 30 år, langtidsledige og flyktningar/innvandrarar. Arbeidsløysa i Giske kommune er 1,5 % og arbeidsgjevarane/næringslivet vil vere nøkkelen for å nå måla.

Nærvær: NAV hadde eit nærvær på 98,5 % i 2018.


TENESTE 2420 SOSIAL RÅDGJEVING OG VEILEDNING




TENESTE 2810 ØKONOMISK SOSIALHJELP



TENESTE 2760 KVALIFISERINGSPROGRAM




SUM TENESTE 2420 SOSIAL RÅDGJEVING OG VEILEDNING, 2760 KVALIFISERINGSPROGRAM OG 2810 ØKONOMISK SOSIALHJELP



OPPSUMMERINGSTALL

	2015	2016	2017	2018
Brukarar totalt	99	110	119	124
Mottekne flyktingar	10	10	18	10
Gjeldsrådgjeving	11	16	16	23
Gjennomsnitt utbetaling per brukar	17 015	21 724	25 877	30 557



5 Oppvekst

Drift

	5 OPPVEKST	Regnskap	Buds(end)	Budsjett	Regnskap
Teneste	Alle tal i heile 1000	2018	2018	2018	2017
2110	BARNEHAGE	81 131	78 547	78 393	74 772
2111	STYRKA TILBOD TIL FØRSKOLEBARN	7 704		4 871	6 743
2120	GRUNNSKOLE	106 229	99 103	97 527	98 769
2121	PEDAGOGISK RETTLEIINGSTENESTE	874	669	669	693
2130	VAKSENOPPLÆRING	2 778	659	659	1 352
2150	SKOLEFRITIDSTILBOD	918	-238	187	1 278
2210	BARNEHAGELOKALER OG SKYSS	-	-	-	9
2220	SKOLELOKALER	-16	16	16	-31
2230	SKOLESKYSS	1 981	1 593	1 593	1 745
	Sum 5 OPPVEKST	201 600	186 449	183 914	185 331

Investering

	5 OPPVEKST	Regnskap	Buds(end)	Budsjett	Regnskap
Prosjekt	Alle tal i heile 1000	2018	2018	2018	2017
2301	INVENTAR / UTSTYR SKULAR	-	-	-	-
2302	IKT-UTSTYR SKULAR	412	600	600	544
	Sum : 5 OPPVEKST	413	600	600	544

Gjeld innkjøp av IKT utstyr til skulane.

Økonomi

Rekneskapen viser eit samla meirforbruk på rammeområde 5 Oppvekst med kr. 15.150.000 av eit budsjett inkl. endring på kr. 201.600.000. Dette tilsvarar eit overforbruk på 8,1%.

- Barnehageområdet hadde eit overforbruk på 3,3%, til saman kr 2.584.000. Av dette ligg 1.126.000 på tilskot til private barnehagar. Dette tilsvarar 1,7% av budsjettet. Dei kommunale barnehagane hadde eit samla overforbruk på kr 1.460.000. Dette tilsvarar eit overforbruk i høve til budsjett på 10,9%.
- Spesialpedagogiske tiltak til førskulebarn hadde eit overforbruk på kr. 1.603.000 av eit budsjett på kr. 6.101.000. Rekneskapen auka med kr. 963.000 i høve til fjoråret.

- Teneste 2120 grunnskule hadde ei samla ramme på kr. 97.527.000 og fekk eit meirforbruk på kr. 7.127.000. Dei siste åra har vi gjort innsparingar på grunnskulesektoren.
- Vaksenopplæring hadde eit overforbruk i høve budsjettet på kr. 2.119.000. Vaksenopplæring er delt i to hovudsektorar: Norskopplæring for innvandrarak og grunnskuleopplæring for vaksne. For innvandrarak med rett til norskopplæring får kommunen øymerka tilskot. Dette skal i utgangspunktet dekkje kostnadene til kommunen, men dersom nokon treng meir opplæring enn det tilskotet dekkjer, har dei rett på det, inntil 3.000 timar. Grunnskuleopplæring for vaksne skal dekkjast innanfor ramma. i 2018 fekk vi fleire søknader enn venta på grunnskule for vaksne.

Hovudmål

- I løpet av planperioden skal det utviklast kvalitetsplanar for kommunen sine tenester, der omstilling og digitale løysingar er sentrale element.
- Tverrfagleg samarbeid i og mellom fagområde skal leggjast til grunn for tilbod til brukarak med samansette behov. Kommunen skal sikre at tenestene vert tilstrekkeleg koordinert.
- Kulturplan, Kvalitetsplan for oppvekst og Helse- og omsorgsplanen skal leggjast til grunn for vidare utvikling av tenestene.
- Gjennomføring av omstillingsprogrammet «Tenesteutvikling gjennom digitalisering og bruk av ny teknologi» held fram.
- Nettbaserte løysingar for intern kommunikasjon og informasjon skal vidareutviklast
- I arbeidet med utvikling av Giske-samfunnet skal det leggast vekt på tiltak og aktivitetar som bidreg til utvikling av eit heilskapleg syn på organisasjon og samfunn
- Innbyggarmedverknad mellom val skal ha høg fokus frå kommunen si side ut over det som følgjer av lov og forskrift. Arbeidet med å utvikle godt samspel med innbyggarak held fram i planperioden. Tankegangen bak metoden «samskaping» skal nyttast som modell for arbeidet.

Måloppnåing

Oppvekst har hatt kvalitetsplanar og kvalitetssystem med jamnleg rapportering på måloppnåing. I den gjeldande planen som vart vedteken i 2018, er livsmestring, digitalisering, ansvar for eiga læring (autonome elevar) og djupnelæring kjernepunkt. Verksemdsplanane baserte seg på denne og kommunen sine overordna mål. Omstilling og digitalisering har hatt topp prioritert med oppfølging frå kommunenivå, kommunalsjef og pedagogiske konsulentar. Digital dialog med foreldre vart innføring for nokre år sidan, og gjeld alle skular og foreldre. Søknadsprosessen i SFO og barnehage skjer i ei portalløysing med pålogging via ID-porten. Alle relevante persondata for barn og foreldre er innhenta frå Folkeregisteret. Nye digitale løysingar vart vedteke innført for tettare elevoppfølging, samarbeid med føresette og andre faginstansar i kommunen.

Oppvekst har arbeidd med fleire store prosjekt som er initiert på nasjonalt nivå så som realfagskommunen (både barnehagar og skular), ungdomstrinn i utvikling og innføring av ny rammeplan der kommunen har eit prosjekt saman med Sula kommune. Desse prosjekta går vidare med eksterne midlar i 2019 (overført på fond). Digitalisering heldt fram som satsingsområde frå 2016 då skulane fekk nettbrett til alle elevar etter omfattande opplæring av alle tilsette. Koding og utprøving av ny teknologi og utstyr held fram. Det er blitt etablert skaparverkstadar eller innovasjons-labar, og fleire er under planlegging. VR-briller og spelbasert opplæring blir prøvd ut, og pedagogisk praksis skal utviklast for å gi nye læringserfaringar. Måla til framtidbarnehagen og framtidsskulen må prioriterast slik at opplæringstilboda kan svare til utfordringane og arbeidsmåtane som er i samfunn og arbeidsliv.

I 2018 kom ny generell del av det nye læreplanverket, og i 2019 startar arbeidet med fagfornyinga, innføringa av dei nye fagplanane. Dette blir eit svært viktig arbeid i skulen det komande året. Kvalitetsplanen som vart vedteken i 2018, baserer seg på det nye læreplanverket.

Personale

Nyrekruttering viser seg som ei komande utfordring saman med kompetanseheving generelt, men med digitale utfordringar og livsmestring som sentrale.

I grunnskulen er det no ei stor satsing på vidareutdanning. Nye, strengare kompetansekrav blir gjort gjeldande frå 2025. På barnesteget må ein lærar ha 30 studiepoeng i faget for å undervise i norsk, engelsk eller matematikk. På ungdomssteget må ein ha 30 stp. i alle fag med unntak av valfag og utdanningsval. I norsk, engelsk og matematikk må ein ha 60 stp for å undervise på dette nivået. Vidareutdanninga i er i hovudsak finansiert av staten gjennom satsinga Kompetanse for kvalitet (Kfk). 12 lærarar fullførte vidareutdanning i 2017, og nye 12 lærarar starta på vidareutdanning på hausten 2018. I Kfk får lærarane 37,5% permisjon til studium som krev 50% stilling. Læraren si medfinansiering ligg i dei 12,5% som ein ikkje får permisjon til. Kommunen har også søkt og fått statlege stipend til lærarar som har fagutdanning men manglar PPU.

Sunnmøre Regionråd Oppvekst (SRO) har inngått avtale med NTNU om vidareutdanning i norsk, engelsk og matematikk. SRO har også fått organisert rektor- og styrarutdanning lagt til Ålesund. Dette betyr innsparing både for kommunen og i tidsbruk for lærarane.

Det er likevel krevjande for skulane å få timeplanen til å henge saman når så mange lærarar er ute i permisjon. I tillegg må skulen dekkje kostnader til reise og opphald samt kostnader til materiell. Det vil også vere noko kostnad til vikar, sjølv om ein får refundert det meste.

Valderøy ungdomsskule har inngått avtale med Høgskulen i Volda om å vere praksisskule.

Som realfagskommune fekk 24 lærarar ein funksjon som ressurslærarar med ansvar for realfagsprosjektet ved eigen skule. Dette gav dei eit fagleg påfyll for å følgje opp arbeid ved eigen skule, eller barnehage.


I barnehagen vart det frå hausten 2018 innført auka pedagognorm som gir fleire barnehagelærarar der ein må nytte høve til få fleire med vidareutdanning t.d. spesialundervisning. Frå fylket får barnehageområdet tilført midlar til kompetanseheving kvart år der også dei private barnehagane deltek. Prioriterte område frå 2018 som digitalisering, relasjonskompetanse, språk og realfag blir vidareførte.

Vikarbruken har vore avgrensa med omorganisering og ekstra innsats for å få forsvarlege tilbod. Høgt sjukefråver er krevjande for skulane. Ved langtidsfråver blir det nytta fast vikar. Kommunen er IA-bedrift og saman med personalavdelinga, arbeidslivssenteret Meidi3 vart det arbeidd systematisk med arbeidsmiljø og tilrettelegging.



› Barnehage og styrka tilbod (førskuletilbod)

Barn i barnehage 2008-2018



Det er to kommunale og seks private barnehagar i kommunen. I 2018 var til saman 128 barn (årssnitt) i dei kommunale barnehagane, medan dei private hadde til saman 448 barn. Dei fleste barn i barnehagen hadde full plass. Det er framleis vanskeleg å få tilsett nok pedagogar med godkjent utdanning i nokre av barnehagane våre. Auka pedagognorm i 2018 gir fagleg styrking og vil auka driftskostnadene. Samtidig blir det vanskelegare å få tak i nok pedagogar.

Arbeidet med digitale hjelpemiddel vart teke vidare i 2018 i arbeidet i barnehagane. Giske oppvekstsenter har opna sin skaparverkstad, som er like mykje for barnehagen som for skulen. Digitale verktøy og arbeidsmåtar skal no vere godt integrert i det daglege arbeidet, og det er tid for å ta dette vidare.

Barnehagane er saman med barneskulane i realfagsprosjektet under overskrifta "Frå det undrande til det problemløysande barnet". Dei private barnehagane har også vore med. Fokus for prosjektet har vore matematiske aktivitetar, og framover blir det, mellom anna gjennom samarbeid med Atlanterhavsparken, sett fokus på naturfag med fokus på havet.

Dei private barnehagane deltok på dei månadlege styrarmøta i Giske kommune, desse møta er ein nyttig arena for erfaringsutveksling og fagleg oppfølging.

Innføring av ny rammeplan vart starta opp i 2017, og i samarbeid med Sula kommune fekk kommunen midlar (kr 1,3 mill. utbetalt og administrert av Sula kommune) til eit prosjekt om implementering av ny rammeplan med firmaet "Ringer i vann" som fagleg ansvarleg. Prosjektet heiter "To fram", og kvalitet i barnehagetilbodet er sentralt i prosjektet saman med det som er nytt i rammeplanen.

Kommunale barnehagar

Vigra barnehage hadde 60 barn i vårsemesteret og 62 i haustsemesteret, med 14,6 årsverk (2017: 15,2). Sjukefråværet vart redusert frå 13,2% i 2017 til 5,2% i 2018. Det er særleg langtidsfråværet som har gått ned.

Satsingsområdet for barnehagen i år har vore sosial kompetanse. Det er utarbeidd ein progresjonsplan for utvikling av sosial kompetanse. Handlingsplan mot mobbing er under utarbeiding og vil bli ferdigstilt i 2019.

Giske oppvekstsenter, barnehage hadde 66 barn (2017: 64) i 2018., og hadde nærver oppgitt samla for oppvekstsenteret til 90,8%. Handlingsplan for eit trygt og godt barnehagemiljø vart godkjend i SU og tatt i bruk i september. Barnehagen har som ein del av dette også sett fokus på vaksenrolla. Overskrift for arbeidet er "Livsmeistring, psykisk helse". Oppvekstsenteret har no opna sin skaparverkstad, som blir eit viktig bidrag i arbeidet med læring med digitale hjelpemiddel.

Styrka tilbod til førskulebarn

Styrka tilbod til førskulebarn omfattar både spesialpedagogiske tiltak og tilrettelegging for barn med særlege behov.


Spesialpedagogane i førskulen er tilsett i kommunen, og teamet hadde i 2018 5,5 årsverk. Av dette går 0,3 årsverk til arbeid med minoritetsspråklege barn, finansiert av øyremerka tilskot. Det er avsett 0,4 årsverk til teamleiar, som har ansvaret for å fordele arbeidsoppgåvene for spesialpedagogane og følgje opp arbeidet med tilbodet i barnehagane.

Om lag 4 årsverk er knytt til enkeltvedtak om spesialpedagogiske tiltak. Dei resterande 0,8 årsverka er plassert ute som ekstra personale på barnehagane, og går til ekstra timar til barn med vedtak, deltaking på møte og rettleiing til barnehagen. Når det oppstår behov for meir spesialpedagogisk hjelp, blir det tatt av denne ressursen.

Når behovet er meir assistent, set dei private barnehagane inn ekstra bemanning og får refusjon frå kommunen til dette.


I 2018 var det 98 barn som hadde eit styrka tilbod i barnehagen Dette er 17% av barna som dei 576 gjekk i barnehagen. Dette talet ligg litt under talet i Møre og Romsdal (18,8%) og landet utanom Oslo (19,7%).

Kostnadene per barn som får styrka tilbod i barnehage er ca. 103.000 kroner. Dette er på nivå med Ålesund, Kristiansund og Sykkylven. Sula ligg om lag 30.000 kroner under oss.



› Grunnskule

Elevtal i grunnskulen i Giske 2008-09 til 2018-19



Måloppnåing

Innan oppvekst vart det arbeidd med fleire prosjekt som alle grip inn i kvarande på ulike måtar med mål om å gi betre tilpassa tilbod i daglege og framtidige behov. Giske oppvekstsenter kom i gang med eit spanande og aktuelt miljøprosjekt med foreldra som viktige medspelarar: resirkulering, avfallssortering og kompostering og strandrydding. Samspelskommunen i praksis.

Framtidsbarnehagen og Framtidsskulen.no! var det overgripande prosjektet, og ein del av kommunen sitt omstillings- og digitaliseringsprosjekt Giske.2030. Nettbrett i opplæringa og bruk av Facebook opna for tettare samarbeid og dialog mellom dei tilsette, med elevane og med foreldra. Digital dialog har erstatta papirmeldingar. Med nettbrett kan læraren t.d.

gi direkte munnleg og skriftlege kommentar på eleven si leseleke og skriftlege arbeid. Foreldra får del i denne kommunikasjonen.

Koding og programmering skapte stor interesse men skal utviklast vidare. Vigra skule arbeidde tett med ein forskar frå Høgskulen i Volda (HVO) med vurderingspraksis og arbeid med multiple tekstar, og i "Digihand» om digital versus tradisjonell opplæring /handskrift. Tverrfagleg innsats fekk gode tilbakemeldingar. Innan spesialpedagogiske tiltak var TALK-prosjektet (Teknikk og ArbeidslivsKunnskap) høgast prioritert med mål om betre tilrettelegging for elevar innan autismespekteret. Skulane la vekt på betre bruk av kompensatoriske læremiddel til elevar med dysleksi gjennom kurs og gjennomgang i kollegia.

Etablering av skaparverkstadar på Giske og Vigra gir ein god arena for praktisk og kreativt arbeid, innovasjon som vi skal leve av i framtida. Saman med NTNU sitt tilbod om innovasjonslab/Newton-rom vil dette kunne gi inspirasjon og fagleg påfyll.

Rullering av kvalitetsplanen

I rullering av kvalitetsplan for oppvekst 2018-2021 vart nasjonale føringar og kommunale prioriteringar lagt til grunn saman med erfaringar frå prosjekta ein har hatt og digitaliseringsarbeidet. Fokus i planen er livsmestring som også inkluderer livet i det digitale samfunn. I samarbeid med psykisk helseteam og skulehelsetenesta kom ein i gong med livsmestringsteknikkar for barn (Hjelpehanda). Djupnelæring som prinsipp gir god meining og auka forståing.

Realfagskommunen og digitalisering

Realfagskommunen Giske (nasjonalt prosjekt), Ungdomstrinn i utvikling (nasjonalt prosjekt), og vidareutvikling digitale verkty og arbeidsmåtar skapte endring med meir praktisk læring. Fomstilling som utfordrar . Det vart arrangert to større konferansar: Digital oppvekst (15.mars, med 400 deltakarar) og Energisk (18. oktober) med vekt på arbeid i klasserom og avdelingar (barnehagen). Saman med eksterne krefter som Andreas Wahl, nasjonale og internasjonale eksperter viste våre eigne tilsette opplegg frå kvardagen i barnehagar og skular. Dette arbeidet vart følgt opp både før og etter konferansene. Med stor eigeninnsats og konferanseavgift gjekk digitaliseringskonferansen i balanse. Prosjekta tilførte barnehagar og skular mykje god kompetanse og skaparkraft som utvikla opplæringstilbodet.

Elevar i private skular

Giske har ingen private skular, men vi hadde i 2018 til saman 12 elevar ved private skular i Ålesund - Steinerskolen, Møre ungdomsskule og Aalesund International School.

Ved tildeling av rammetilskot gjennom statsbudsjettet vart det gjort trekk i tildelinga på 109.300 kroner for kvar elev i private skular, basert på eit gjennomsnittleg elevtal per 1. oktober 2016 og 1. april 2017. Giske kommune vart i 2018 trekt 373.000 kroner for elevar ved private skular.

Økonomi

Grunnskulen nådde ikkje det økonomiske resultatmålet, sjå kommentar under økonomi oppvekst. Likevel ser ein at Giske kommune samanlikna med vår kommunegruppe driv grunnskulen effektivt, sjå diagram:

Personale

Nye kompetansekrav i grunnskulen (30/60 studiepoeng i faga matematikk, norsk og engelsk og 30 stp i alle fag unntateke utdanningsval og valfag) gjer at ei rekkje lærarar må ta vidareutdanning. I 2018 var 12 lærarar i utdanning, dei fleste med permisjon. Dette er krevjande både for tilsette og skular då det fører til auka vikarbruk. SRO har over år fått til regionale tilbod lagt til Ålesund for vidareutdanning av leiarar og lærarar noko som sparer utgifter og reduserer tidsbruk for deltakane. Valderøy ungdomsskule melde seg som praksisskule for Høgskulen i Volda noko som også kan gi kompetanseløft og vere til gjensidig nytte. Eit par andre skular vurderer også å søkje om å bli praksisskular - å knytte praksis og forskning saman er framtidsretta i eit samfunn der livslang læring blir normen.

Sjkefråværet for skulane var på 6,46%, men varierte noko (i parentes 2017): Vigma 6,0% (11,2%), Valderøy barneskule 4,28% (6,7%), Giske 9,2% (7,8%), Godøy 6,93% (3,8%) og Valderøy ungdomsskule 9,9% (7,1%). Vikarbruken har vore avgrensa med omorganisering og ekstra innsats for å få forsvarlege tilbod. Høgt sjukefråver er krevjande for skulane. Ved langtidsfråver blir det nytta fast vikar. Kommunen er IA-bedrift og saman med personalavdelinga, arbeidslivssenteret Meidi3 vart det arbeidd systematisk med arbeidsmiljø og tilrettelegging.


Spesialundervisning

Ein forholdsvis stor del av elevane i Giske har vedtak om spesialundervisning - 12,4% i 2018 mot 11,1% i 2017. Tala på landsbasis er 7,9% begge åra. Dei gjennomsnittlege vedtaka i Giske er noko lågare enn landsnittet: Giske 211 årstimar, heile landet 258 årstimar*). I tillegg er samordninga sterkare i Giske enn i landet for øvring, slik at vi brukar 105,5 lærartimar til kvar elev som får spesialundervisning, på landsbasis får kvar elev i snitt 137,6 timar.

På oppdrag av Giske kommunestyre er det no sett ned ei arbeidsgruppe som skal sjå på spesialundervisninga. Denne gruppa vil legge fram ein rapport for kommunestyret til sommaren.


(Kjelde: <https://www.ssb.no/kommunefakta/kostra/giske/grunn...>)

*) Eiga utrekning.




Spesialundervisning - andel timar til spesialundervisning av undervisningstimar totalt

Prosent



Netto driftsutgifter i grunnskulesektoren per innbygger 6-15 år





› Pedagogisk rettleiingsteneste

Pedagogisk rettleiingsteneste hadde ei 60% stilling i rådmannen sin stab for å arbeide med utvikling, innovasjon og oppfølging av driftsoppgåver som verksemdsplan, rektormøte og regionsmøte i SR-Oppvekst (Sunnmøre regionsråd, oppvekst). Pedagogisk fagrettleiar arbeider tett inn mot skulane, og har hatt den faglege leiinga i arbeidet med kvalitetsplan, tilstandsrapport og kompetansutvikling. I 2018 pensjonerte fagrettleiaren seg etter mange års teneste, og ny rettleiar vart tilsett. I tillegg til arbeidet inn mot oppvekst, er han også prosjektleiar for prosjektet BTI - Betre Tverrfagleg Innsats og han har ei sentral rolle i prosjektet Talk, som rettar seg mot barn og unge med Asperger syndrom, og som no blir eit tverrsektorielt prosjekt med ei noko vidare målgruppe. Det største utviklingsarbeidet i skulen no er fagfornyinga, innføringa av det nye læreplanverket.

Hausten 2018 var pedagogisk konsulent konstituert som kommunalsjef, og konsulentstillinga har stått vakant. Dette har medført at mange oppgåver knytta til denne stillinga måtte løysast med hjelp frå pedagogisk fagrettleiar.



› Vaksenopplæring

Vaksenopplæring omfattar **opplæring i norsk og samfunnskunnskap** for innvandrarar og flyktningar med rett til opplæring etter [introduksjonslova](#), og **grunnskuleopplæring for vaksne**, eventuelt realkompetansevurdering på grunnskuleområdet.

For å legge til rette for ei større grad av integrering av innvandarane i Giskesamfunnet, vart opplæringa lagt til Valderøya. Ein tok då i bruk lokale i tidlegare Valderøy barneskule. Tilbodet er i hovudsak lagt opp med norskopplæring og språkpraksis og andre tiltak som er del av introduksjonstilbodet. Kommunen kjøper lærartenester frå Folkeuniversitetet til denne opplæringa.

Vaksne som ikkje har grunnskuleopplæring kan ha rett på grunnskuleopplæring spesielt tilrettelagt for vaksne. Denne retten er heimla i [opplæringslova kapittel 4A](#). Mange flyktningar har ikkje grunnskuleutdanning, eller dei har mangelfull grunnskule eller manglar vitnemål frå grunnskulen, og i 2018 var det ekstra mange som søkte om slik utdanning. Kostnadene til grunnskuleopplæring for vaksne skal - som annan grunnskuleopplæring - dekkjast innanfor rammetilskotet kommunen får. Kommunen kjøper grunnskuleopplæring for vaksne frå vaksenopplæringscenteret på Hareid.

[Introduksjonslova kapittel 4](#) definerer kven som har rett og plikt til norskopplæring. Dei som har rett til slik opplæring har også rett på å få denne opplæringa gratis. Dei skal gjennomføre minimum 550 timar norsk og 50 timar samfunnskunnskap. Dei som har behov for det, kan ha rett til ytterlegare 2400 timar. Kommunen får øyremerka tilskot til norskopplæring til denne gruppa. Retten er tidsbegrensa slik at grunnleggande opplæring må takast ut i løpet av tre år, behovsprøvd opplæring må takast ut i løpet av fem år.

Budsjettet for vaksenopplæringa var på 659,000 kroner, medan dei samla kostnadane kom opp i 2.778.000 kroner, mot 1.352.000 kroner i 2017.



› SFO - Skulefritidsordning

Det ordinære SFO-tilbodet i Giske skal vere sjølvfinansierande med unntak av ekstra kostnader til barn som treng tilrettelegging. Etter sjølvkostutrekning er no foreldrebetalinga auka til kr. 2.944 for heil plass. Dette er ein auke på kr. 271, eller litt over 10% frå året før. Ekstraavgiftene til barn med særskilte behov skal dekkjast av kommunen. Vi må difor budsjettere med ei reell utgift.

Inntektene frå foreldrebetalinga auka med kr. 608.000 frå 2017. Lønsavgiftene auka med ca. 4% frå kr. 7.790.000 i 2017 til kr. 7.793.000 i 2018.

Tenesta hadde eit overforbruk i høve til budsjett på kr. 1.156.000.

Skule \ år	Tal på barn i SFO	Tal på barn i SFO	Kor mange av desse har full plass	Kor mange av desse har full plass
	17-18	18-19	17-18	18-19
Giske oppvekstsenter	28	21	25	11
Godøy skule	29	32	13	13
Valderøy barneskule	38	144	60	63
Vigra skule	64	67	29	35
SUM	59	264	127	122

Kjelde: GSI (<https://gsi.udir.no>), tal per 1. oktober



› Skuleskyss

Teneste 2230 skuleskyss gjeld transport tll og frå skule, medan transport i skuletida (t.d. symjeopplæring) blir ført på teneste 2120 grunnskule. Fylkeskommunen organiserer både ordinær skyss og tilpassa skyss for elevar med særlege behov. Kommunen betaler ein eigenandel som tilsvarer enkeltbillett på buss etter ordinær takst, både for ordinær skyss og tilpassa skyss. Dette gjeld óg skyss for elevar ved private skular, der kommunen har plikt til å betale skyss til kommunegrensa.

Alle skulane unntatt Giske skule har skuleskyss. For elevar i 1. klasse er skyssgrensa 2 km, for eldre elevar er skyssgrensa 4 km.

Tenesteområdet skuleskyss hadde ei ramme på kr. 1.593.000 men brukte kr. 388.000 over budsjettet.



6 Barn, familie og helse

Drift

Teneste	6 BARN, FAMILIE, HELSE	Regnskap	Per.b(end)	Budsjett	Regnskap
	Alle tal i heile 1000	2018	2018	2018	2017
2111	STYRKA TILBOD TIL FØRSKOLEBARN	1 671	2 386	2 386	1 522
2120	GRUNNSKOLE	2 582	1 778	1 778	2 227
2130	VAKSENOPLÆRING	795	785	785	759
2320		5 888	5 592	5 592	5 515
2330	FOREBYGGANDE ARBEID, HELSE- OG SOSIAL	670	707	707	747
2340	AKTIVISERING AV ELDRE OG FUNKSJONSHEMMA	3 314	2 696	2 696	3 583
2341	PSYKIATRISK DAGTILBOD	-	6	6	10
2410	DIAGNOSE OG BEHANDLING	9 188	8 087	8 087	8 407
2411	FYSIO-/ERGOTERAPITENESTE	4 746	2 782	2 782	2 990
2412	PSYKISK HELSEVERN	1 562	2 646	2 646	2 491
2413	FRISKLIVSSENTRAL	30	107	107	99
2420	SOSIAL RÅDGJEVING OG VEILEDNING	-111	3	3	-154
2440	BARNEVERN TENESTE	4 640	5 138	4 608	4 079
2510	BARNEVERN TILTAK I FAMILIEN	1 626	1 278	1 278	1 214
2520	BARNEVERN TILTAK UTANFOR FAMILIEN	7 418	6 875	6 875	7 819
	Sum gruppeansvar: 6 BARN, FAMILIE, HELSE	44 018	40 866	40 336	41 308

INVESTERING

Prosjekt	6 BARN, FAMILIE, HELSE	Regnskap	Buds(end)	Budsjett	Regnskap
	Alle tal i heile 1000	2018	2018	2018	2017
1301 Omstilling gjennom bruk av IKT, digitalisering og ny teknologi			-	-	3
	Sum 6 BARN, FAMILIE, HELSE		-	-	3

Økonomi

Rekneskapet syner eit samla meirforbruk på kr 3 152.000. Meirforbruket ligg til legetenesta med om lag kr 1,1 mill, fysio/ergo-tenesta med kr 1,9 mill og kr 600.000 til barneverntiltak utanfor heimen. Dei andre tenestene gjekk i balanse eller med eit mindreforbruk.

Måloppnåing

Eininga har hatt stor aktivitet i 2018, med fokus på overordna mål innan tidleg innsats, førebygging, tverrfagleg samarbeid, digitalisering, rekruttering, kompetanseheving og kontinuerleg utvikling av tenestene. Det har vore høg tenesteproduksjon i eininga med mellom anna styrking av skulehelsetenesta som er ei nasjonal føring og eit prioritert område. Helsestasjonen kommuniserer elektronisk med andre tenester og utrulla digital innbyggjardialog er rett og framtidsretta utvikling. Tenestene arbeider med tidleg innsats og fleire unge og barn får tidlegare hjelp for å hindre alvorleg problemutvikling. Psykisk helseteam for barn og unge har gitt positive resultat både individretta, familieretta og i samarbeid med andre tenester innan oppvekst, skulehelsetenesta og barnevernet. Barnevernstenesta starta opp bruk av mobilt barnevern og fullelektroniske journalsystem er rulla ut i eininga. Tenestene har fokus på brukarmedverknad og det er ein viktig del i møte med den enkelte brukar. Dette er eit kontinuerleg arbeid.

Eininga har nådd målet om å etablere tilbod til utskrivingsklare brukarar frå helseføretaket innan rus- og psykiatri. Barnevernvakt vart etablert frå april-19. COS-P er implementert som metode i tiltaksretta barnevern og som lavterskeltilbod på helsestasjonane. Øyeblikkelig hjelp-døgntilbod innan rus- og psykiatri er etablert i kommunen ved Løkevegen bufellsskap. Barnevernstenesta nådde ikkje målet om 0 fristbrot. PPT har ikkje nådd målet om at ventetid for sakkunnig utgreiing ikkje skal overstige 3 mnd. Eininga har ikkje lukkast i å etablere dagtilbod for brukarar innan rus og psykiatri.

Eininga var i 2018 med på ei omorganisering av helse- og omsorgstenestene i Giske kommune. Det vart sett ned ei arbeidsgruppe beståande av leiarar, tillitsvalde og politikarar frå komiè for helse og omsorg. Eit omfattande arbeid vart lagt ned, med god involvering av alle i ramme 6 og ramme 7. Vi er godt fornøgde både med prosessen og resultatet. Vedtak om ny organisering var vedteken i kommunestyret juni 2018. For ramme 6 vart følgjande endringar: psykisk helseteam voksne og Kingelveven dagtibod vart flytta over til ramme 7, ny eining Meistring og psykisk helse.

Personale

Eininga hadde eit nærvær på 97,7% i 2018. Det vert rapportert godt arbeidsmiljø, har fått verneombod på plass og det er god dialog og samarbeid med tillitsvalde og tilsette.



Barnevernstenesta

Barnevernstenesta: 52 meldingar, 10,5% fristbrot, 91 med hjelpetiltak, tilsyn fosterheim 2 avvik. 4 saker henlagt, undersøkingssaker 56, barn med tiltaksplan 60, 20 barn utan ferdig tiltaksplan, 12 barn under omsorg. På grunn av vakansar har vi ikkje klart å halde oss innan fristen. Det er gjort strenge prioriteringar på kva oppgåver vi må ta og la dei mindre alvorlege vente. Barnevernstenesta hadde eit mindreforbruk på om lag 0,5 mill, dette grunna 5 mnd med 2 vakante stillingar. Barnevernstiltak i og utanfor familien hadde samla eit meirforbruk på om lag 0,8 mill.

Eit betydeleg arbeid vart lagt ned for å førebu etablering og drift av felles barnevernvakt for kommunane Stranda, Sykkylven, Sula og Giske. Denne starta opp april 2018 og har så langt fungert tilfredstillande. Barnevernvakta er viktig for å styrkje akuttfunksjon og beredskapsomsyn. Tenesta har fremja større grad av openheit om tenesta gjennom året. Trass den vanskelege driftssituasjonen har vi gjennomført kompetansehevande tiltak på tilbod til foreldre. Det er gjennomført fleire gruppetilbod til foreldre i samarbeid med dei andre tenestene i eininga. Psykisk helseteam er ein stor ressurs og er inne i fleire av sakene som kjem til barnevernet, både før og etter ei undersøkingssak. Samarbeid og heve kompetanse i andre tenester er viktige for å styrkje det totale tilbodet til barn og familien. Tenesta har hatt opplæring i bruk av familieråd og metoden vert i dag nytta. Barnevernet har styrkt sitt repertoar og kvaliteten på hjelpetiltak med fleire varierte og skreddarsydde tiltak.

Kostra, barnevern 2018

Nøkkeltall	Enhet	Giske	Kostragruppe 11	Landet uten Oslo
Netto driftsutgifter til barnevernstenesta pr. innbyggjar 0 -22 år	kr	5 205	8 521	8 326
Barn med melding ift innbyggjarar 0 -17 år	Prosent	2,4	4,4	4,5
Prosentandel barn med undersøking ift innbyggjarar 0-17 år	Prosent	3,2	4,6	4,8
Barn med barnevernstiltak ift innbyggjarar 0-22 år	Prosent	4,4	4,4	3,9
Brutto driftsutgifter pr. barn med undersøking eller tiltak	kr	44 924	51 235	49 940
Brutto driftsutgifter pr. barn som er plassert av barnevernet	kr	338 609	414 663	442 356
Barn med undersøking eller tiltak pr. årsverk	antall	24,2	18,6	19,1
Undersøkingar med handsaming innan 3 mnd	Prosent	86	85	87



› Fysio-ergo-terapiteneste, kvardagsrehabilitering

Den kommunale fysioterapitenesta hadde 156 brukarar, ergoterapi-tenesta hadde 67 brukarar og kvardagsrehabiliteringsteamet hadde 138 brukarar i 2018. Hjelpemiddel frå NAV tal 1745. Kommunalt lager utkjøyr t 320 i tillegg til reparasjonar og vedlikehald. Tenesta hadde eit meirforbruk i 2018 på 1,9 mill. Meirforbruket ligg til kvardagsrehabiliteringsteamet. Kommunestyret har vedteke tenesta som fast teneste i kommunen, men det vart ikkje lagt inn budsjettdekking til drift i 2018.

Kvardagsrehabiliteringsteamet og velferdsteknologi vart lagt til eininga Barn, familie og helse i 2018, organisert i fysio-ergo-avdelinga. Kvardagsrehabilitering som metode er rulla ut i omsorgstenestene. Det er kritisk viktig at arbeidet har fokus og vert oppretthalde for å i møtekomme den store auken av behov for tenester innan omsorg. Spesialistmodellen ved å ha eit eige kvardagsrehabiliteringsteam er heit avgjerande for å lukkast med arbeidet i kommunen. Arbeidet med implementering av kvardagsrehabilitering og velferdsteknologi har vore ein suksess i Giske kommune. Vi har fått eit godt renomé både på Sunnmøre, Møre og Romsdal og nasjonalt. Tenesta har ein tilsett ved hjelpemiddellageret, denne har i tillegg funksjon som velferdsteknikar og er ei viktig brikke i utrulling av velferdsteknologi både i helse og omsorg. Avdelinga har stort fokus på digitalisering og bruk av ny teknologi og at desse skal gi gevinstar tilbake i form av spart tid, sparte kostnader og auka kvalitet på tenestene. Tenesta har mellom anna tatt i bruk digital innbyggjardialog.

Tenesta har satsa på å auke fokuset i barnehagar inn mot motorisk utvikling. Målet er å tidleg fange opp born som treng oppfølging eller vil trenge oppfølging frå tenesta. Arbeidet har vore ein suksess og det vert utvida og utvikla vidare i 2019. Tenesta har sett i gong fallførebyggjande grupper. Den samfunnsøkonomiske kostnaden rundt fall og eldre er betydeleg og gir store kostnader. Tenesta har også hatt fødselsførebuande grupper, eit tilbod som starta i 2017, men som fortset då effekten og resultatata er så positive. Tenesta har stort fokus på opplæring til pårørande, brukarmedverkand og tilrettelegging av eigen bustad. Tenesta har stort fokus på at brukarane vert meir aktive i eigne liv og kva som er "viktig for deg?"

Kostratal viser at Giske kommune ligg lang under andre kommunar i kostragruppe 11 og i landet i høve tal tilsette i fysioterapitenesta. I høve satsing på kvardagsrehabilitering og større krav til kommunane innan rehabiliteringstilbod til innbyggjarane, vert dette eit viktig område framover.

Kostratal fysioterapi 2018

Nøkkeltall	Enhet	Giske	Kostragruppe 11	Landet utan Oslo
Avtalte fysioterapeutårsverk per 10 000 innbyggere	Årsverk	6,2	10,2	9,5



Skulehelseteneste og helsestasjon

Helsestasjonen har hatt oppfølging av 2047 barn under 18 år, 101 nye gravide i 2018, 72 heimebesøk av jordmor, 78 heimebesøk av helsesjukepleiar.

Helsestasjonen og skulehelsetenesta er styrkt dei siste åra mellom anna gjennom statstilskot. Dette har gjort det mogleg å arbeide meir med førebyggjande tiltak, tidleg innsats, tverrfagleg samarbeid og generelt vere tettare på barna. Helsestasjonen har mellom anna barselgrupper, foreldreførebuande grupper til førstegongsforeldre, Cos-P foreldreveiledningsgrupper, foreldregrupper for framandspråklige, PIS-gruppe, gruppe for barn som lever i to heimar, Bapp-grupper og gruppe for barn som har foreldre som slit med psykisk helse og rus. Helsesjukepleiar har motiverande intervju og oppfølging av barn i høve overvekt, fysisk aktivitet og sunnare kosthald. Det er utarbeidd og tatt i bruk prosedyre for kartlegging av rusvaner og vald i nære relasjonar. Fastlege og jordmor har starta kartlegging av alkoholvanar til dei gravide, her er prosedyre tatt i bruk.

Skulehelsetenesta er eit synleg og tilgjengeleg tilbod i skulane, målet for 2018 er nådd. Psykisk helseteam og helsestasjonen har hatt undervisning om psykisk helse i skulane, dette har blitt godt motteke av både elevane og lærarane.

Vi er ei vekstkommune og har mange utanlandske innflyttarar som krev ekstra teneste av helsestasjonen. Kort liggetid på sjukehuset gir større ansvar og utfordringar for tenesta. Det vert arbeidd vidare med koordinerande arbeid, koordinatoransvar og individuell plan, dette i samarbeid med oppvekst og omsorg.

Kostratal helsestasjon- og skulehelseteneste, 2018

Nøkkeltall	Enhet	Giske	Kostragruppe 11	Landet utan Oslo
Avtalte årsverk i helsestasjon- og skulehelsetenesta per 10 000 innbyggerer	Årsverk	43,2	47,3	42,1
Andel nyfødde med heimebesøk innan to uker etter heimkomst	Prosent	72,2	91,1	90,1



› PPT

95 tilmeldte individsaker, 113 sakkunnige vurderingar, bidratt i 4 mobbesaker samt kartlagt og rettleiar i 3 læringsmiljøsaker. Kontoret har leia to arbeidsseminar kring autisme på skulen og to for barnehagar. Kontoret har fristbrot i 30% av dei tilmelde sakene. Målet om at sakene skal vere starta opp innan 3 mnd og sakkunnig vurdering ferdigstilt innan 6 mnd er dermed delvis nådd. Årsak til dette er at tenesta har hatt ledig stilling og sjukmelding.

Kontoret har kontinuerlege drøftingar med rektorar og styrarar som tek kontakt angående ulike problemstillingar. PPT har ei effektiv drift og det er stor tenesteproduksjon sett i høve til at kontoret ligg betydeleg under talet på stillingar som kommunestyret har gjort vedtak om. Ein har ikkje nådd mål om å tilføre fleire årsverk til tenesta. Tenesta har arbeidd med systemretta tiltak i både skule og barnehage. Samarbeidet gjer at ein kjem tidlegare inn i sakene og det bidreg til at ein kan arbeide meir førebyggjande og samanhengande. Tenesta har arbeidd med utviklingsarbeid kring barn med autisme-diagnosar, mellom anna gjennom det tverrfaglege prosjektet TALK.



› Logopedteneste

103 saker er i gong og 17 saker på venteliste. Det vert sett på tiltak for å redusere ventetida. Målet er tidleg intervensjon, og raskast mogleg behandling er prioritert, jamfør opplæringslova om tidleg innsats. Det vert utarbeidd individuelle treningsopplegg for kvar brukar, som mellom anna stiller krav til øving mellom kvar logopedtime. Dei individuelle treningsopplegga gir effekt og er nødvendige. Hovudtyngda av tilviste saker er barn i barnehagealder og i 1. klasse. Ei anna gruppe er vaksne brukarar som blir tilvist frå sjukehus eller lege. Tenesta har nådd målet om å vere eit lågterskeltilbod som skal legge vekt på førebygging og tidleg innsats og rehabilitering. Rettleiing til foreldre er viktig der dei blant anna får med treningsopplegg der dei skal hjelpe barna sine. Målet er også nådd i høve å gi rettleiing til barnehage- og skulepersonale og foreldre.



Offentleg helseteneste/legekontor

Fastlegeordninga hadde 7656 brukarar, 8 fastlegar og 1 turnuslege. Tenesta hadde eit meirforbruk i 2018 med om lag 1,1 mill. Meirforbruket er knytt til betaling av gjestepasientar i andre kommunar, kjøp vikarlegeteneste og høgare utbetaling til legekantoret enn budsjettert.

Giske legekantor har knytt seg opp til tenesta "Min helse", noko som forenkler kommunikasjonen mellom lege og pasient. Tenesta arbeider med å auke kompetanse innan kvalitetsforbetningsarbeid og å ivareta heilskap og samhandling mellom kommunane og helseføretaket for pasientar med kroniske lidingar. Giske kommune deltek i samarbeidsprosjekt om den multisjuka eldre pasient. Kommuneoverlegen deltek i arbeidsgruppe om utvikling av helseplattforma som er eit felles journalsystem for kommunale helsetenester, legetenesta og spesialisthelsetenesta. Giske kommune har signert opsjonsavtale i likskap med dei andre kommunane i Midt Norge. Det er også innført digitale funksjonar for fastlegetenesta i den nasjonale portalen helsenorge. www.helsenorge.no. Rekrutteringsvanskar hausten 2018 gjorde at kommunen endra ein legeheimel til fast kommunalt tilsett fastlege. Vi merkar godt at legetenesta er i endring og at det er lettare å rekruttere til faste stillingar enn næringsdrivande stillingar. Vi har frå 07.01.2019 full bemanning i legetenesta.

Legekantoret i Giske AS varsla tidleg i 2018 at dei ikkje fortset drifta etter 30.11.2019. Det vart lagt ned eit omfattande arbeid i høve kvar nytt legekantor skal ligge og kva driftsform dette skal ha. Det vert arbeid vidare med dette våren 2019 og klargjering til overtaking frå 1.12.2019.

Kostratal legetenesta, 2018

Nøkkeltall	Enhet	Giske	Kostragruppe 11	Landet utan Oslo
Avtalte legeårsverk per 10 000 innbyggere	Årsverk	10,7	12,4	11,3



› Psykisk helsearbeid

Psykisk helseteam barn og unge (PHBU) følgde opp 120 barn, unge og familiar i 2018. Giske kommune har lukkast i å etablere eit lavterskel psykisk helsetilbod til barn, unge og familiar. Satsinga vi har hatt innan dette møter både nasjonale og fylkesmannen sine forventningar til kommunen, der også barn og unge er satsingsområde. Nasjonalt er Giske kommune unike som har ei slik teneste. Talet på familiar som nyttar seg av tilbodet er aukande, om lag 120 barn/unge og deira familiar fekk tilbod i 2018, mot 70 i 2017. Det vert tildelt fleire og større lovpålagte tenester innan helse- og omsorgstenestelova og bidreg med viktige tiltak innan barneverntenesta. Spesialisthelsetenesta ved Barn- og ungdomspsykiatrisk avdeling har begrensa inntak og oppfølging, noko som gjer at det ligg større ansvar til kommunen å yte tenester både i mengde og i alvorlegheitsgrad innan rus og psykiatri.

Målet om lav terskel for å få kontakt med tenesta er nådd. Det er etablert telefonvakt i løpet av arbeidstida som gjer at det er alltid nokon som kan svare på førespurnader. Forbetningsarbeid på kommunal heimeside og kontaklinformasjonsarbeid har gjort det enklare for brukarane å ta kontakt. Det er etablert fleire faste samhandlingsstrukturar med fleire av tenestene i kommunen og mot helseføretaket. Fagsystemet har no ein funksjon som gjer det mogleg med digital kommunikasjon med brukarane. Innbyggjardialog er så vidt tatt i bruk, dette vert tatt meir i bruk framover og vi ventar gevinstar. Tenesta har lukkast i å rekruttere psykolog, noko som er svært viktig i arbeidet kommunane har framover innan området.

Psykisk helseteam vaksne hadde 121 brukarar i 2018. Giske kommune har lukkast i å rekruttere psykolog også til denne tenesta, dette styrker det fagleg tilbodet, tverrfaglege samarbeidet, det førebyggjande arbeidet og sikrar lovpålagte tenester. Tenesta har nådd målet om å etablere gruppetilbod til brukarar med angst og depresjon. Tenesta har starta opp arbeid med digital innbyggjardialog og arbeider no med innføring av sjølvhjelpsutstyr. Dette vert viktig for å imøtekomme auka etterspørsel etter tenesta i dag og framover. Retningslinjer til ØHD-tilbod rus og psykiatri er utarbeidd, og 6 brukarar nytta tilbodet i 2018. Rustenesta vart flytta frå NAV Giske til psykisk helseteam vaksne i oktober 2018. Psykisk helse- og rustenesta vart lagt til ny eining Meistring og psykisk helse frå oktober 2018. Tenesta merkar effekten av at helseføretaket overfører oppgåver til kommunen, det har vore ei markant auke i tal brukarar til psykisk helseteam vaksne med om lag 70% dei siste to åra. Tenesta har nådd målet om å starte opp prosjektet rask psykisk helsehjelp. Teamet har så vidt starta opp. Kommunen fekk kr 1,5 mill i 2018 frå Helsedirektoratet til prosjektet, det vert gitt tilskot i 3 år, men med årleg avkorting. Dette er eit lavterskeltilbod til vaksne over 16 år med mild til moderat angst og depresjonsplager. Tenesta er basert på kognitiv terapi.



› Tenester for funksjonshemma, Kingelveven og andre tenester

Kingelveven/vaksenopplæringa: 13 brukarar i 2018, 3,6 stillingar. Eit tettare samarbeid mellom Kingelveven og omsorgstenestene gjer at vi kan tilby fleire denne tenesta og variasjon og kvalitet i tilbodet vert betre. Fleire har fått tilpassa aktivitetar. Det vert arbeidd vidare med samordning av dagtilboda til ulike brukargrupper. Det vert sett fokus på felles ressursutnytting på tvers av einingar og sektorar. Brukarane får tilbod om ulike aktivitetar som er individuelt tilpassa. Det sosiale og miljøretta perspektivet er ein viktig del av tilbodet. Kingelveven gir også eit tilbod til dei som meistrer ein meir krevjande produksjon av ulike handverk og tekstilvarer.

Sosiale tenester: støttekontakt: 57 mottatt tenester, 73 har fått vedtak. Tenesta har delvis nådd målet om at mennesker med særlege behov for støttekontakt og avlastning skal sikrast rett teneste til rett tid. Grunn til dette er at det er vanskar å rekruttere støttekontakter og avlastningsheimar. Ein ser eit auka behov for tenestene framover grunna fleire brukarar med store og krevjande hjelpebehov.



7 Pleie og omsorg

Drift

Teneste	PLEIE, OMSORG OG SOSIAL	Regnskap	Per.b(end)	Budsjett	Regnskap
	Alle tal i heile 1000	2018	2018	2018	2017
1260	SAKSBEHANDLING - FELLES	-4	-	-	-198
2340	AKTIVISERING AV ELDRE OG FUNKSJONSHEMMA	217	-104	-22	243
2343	KJØKKEN (MAT TIL HEIMEBUANDE)	830	191	191	355
2344	KAFEDRIFT	-	-	-	2
2421	FLYKTNINGKONTOR	2 126	1 661	1 661	2 406
2530	PLEIE, OMSORG, HJELP I INSTITUSJON	6 413	5 996	6 374	5 828
2531	INSTITUSJONSKJØKKEN	382	246	246	331
2540	PLEIE, OMSORG, HJELP TIL HEIMEBUANDE	50 887	51 603	50 076	52 309
2541	BUFELLESSKAP PSYKIATRI VALDERØY	9 598	6 988	7 540	6 407
2542	NATTENESTE HEIMEBASERT OMSORG	5 554	4 700	5 973	4 971
2543	AVLASTNING	776	249	249	353
2544	BRUKERSTYRT PERSONLEG ASSISTENT	5 017	4 157	5 157	2 760
2545	RESET BUFELLESSKAP - DRIFT	3	79		6
2546	GISKE OMSORGSSENTER	22 322	22 305	19 987	21 562
2547	VIGRA OMSORGSSENTER NORDSTOVA	3 637	3 510	1 405	3 630
2548	BUFELLESSKAP FUNKSJONSHEMMA	16 463	15 262	15 814	
2549	KVARDAGSREHABILITERING OG VELFERDSTEKNOLOGI	19	-	-	-69
2550	MEDFINANSIERING SOMATISKE TENESTER	-	-	-	14
2610	INSTITUSJONSLOKALER	-	-	-	14
2650	OMSORGSBUSTADAR	23	24	24	23
2750	INTRODUKSJONSORDNINGEN	4 682	3 445	3 445	5 076
3015	KOMMUNALT KARTVERK	1	-	-	-
Sum gruppeansvar	PLEIE, OMSORG OG SOSIAL	128 947	120 313	118 197	122 281

Investering

	7 PLEIE, OMSORG OG SOSIAL	Regnskap	Buds(end)	Budsjett	Regnskap
Prosjekt	Alle tal i heile 1000	2018	2018	2018	2017
1301	OMSTILLING GJENNOM BRUK AV IKT, DIGITALISERING OG NY TEKNOLOGI	-	-	-	302
3402	BILER TIL OMSORGSTENESTA	-	-	-	-10
3726	BIL VIGRA OMSORGSDISTRIKT	-5	-	-	-
	Sum : 7 PLEIE, OMSORG OG SOSIAL	-5	-	-	292

Tenestene i ramme 7 vert gitt av Vigra, Giske og Godøy omsorgsdistrikt, Valderøy omsorgsdistrikt, tildelingskontoret og flyktningtenesta. Ny eining Mestring og psykisk helse vart etablert 1.oktober 2018. Bufellesskap rus/psykiari og bufellesskap mennesker med funksjonshemming frå Valderøy omsorgsdistrikt, rustenesta frå NAV og psykisk helseteam voksne frå eining barn, familie og helse vart flytta inn i ny eining.

Økonomi

Ramme 7 har eit samla meirforbruk på kr 8 634 000. Meirforbruket ligg til mellom anna Valderøy omsorgsdistrikt med om lag kr 5 mill. og 1,4 mill. i Vigra, Giske og Godøy omsorgsdistrikt. Årsak til meirforbruket er blant anna avslutta ressurskrevjande brukar og ny brukar tidleg på året. Bufellesskapa hadde eit meirforbruk på 3,7 mill. Introduksjonsordninga hadde eit meirforbruk med 1,2 mill. Tenesta avlastning meirforbruk på 0,5 mill. Tenesta BPA meirforbruk på 0,8 mill. Det ligg om lag 3 mill. høgare utbetaling av pensjon og abeidsivaravgift som ikkje var budsjettet.

Måloppnåing

Tenestene har nådd målet om å etablere tilbod til utskrivingsklare brukarar frå helseføretaket innan rus og psykiatri. Mål nådd juni 18. Øyeblikkeleghjelp-døgntilbod er vidareført og utvikla vidare. 6 brukarar nytta tilbodet i 2018. Kvardagsrehabilitering er vedteke som fast teneste i kommunen. Tenesta leverer lovpålagde tenester etter helse- og omsorgstenestelova, jobbar førebyggjande, intensivt, tidleg innsats og har fokus på kva som er "viktig for deg?" Det er lagt ned eit stort arbeid for å rulle ut kvardagsrehabiliteringsmetoden i dei heimbaserte tenestene. Det er kritisk viktig å halde fokuset oppe og at tenestene vert følgt opp av spesialistane i kvardagsrehabiliteringsteamet.

Tenestene har ikkje nådd målet om å etablere dagtilbod for demente ved Vigra omsorgssenter, men det er i år sett ned ei arbeidsgruppe som arbeider for å få til dette i samarbeid med frivillegheta og vidaregåande skule. Arbeidsgruppa jobbar også med andre tiltak for å i møte kome den store auka innan tal demente i kommunen.

Tenesteutvikling, digitalisering og velferdsteknologi:

Tenestene har lagt til grunn Helse- og omsorgsplan 2016-2020 og bustadsosial handlingsplan 2017- 2020 i utviklingsarbeidet. Strategisk kompetanse- og rekrutteringsplan helse og omsorg vart vedteken i 2018. Einingane skal vidare operasjonalisere denne planen, vi må vite kva vi treng og kva som skal prioriterast i tida framover. Høg kompetanse i personalgruppa gir betre tenester og ein kan yte meir med mindre.

Tenestene har stort fokus på digitalisering og bruk av ny teknologi og deltek i omstillingsprogrammet i kommunen. Vi hadde i 2018, 80% prosjektleiar innan velferdsteknologi. Ressursen gjer at vi klarer å halde fokus og framdrift på området. Giske kommune hadde eit stort anbod på velferdsteknologi i fjor. Vi lyste ut anbod på tryggleiksalarmar, digitalt tilsyn, GPS, alarmsentral og plattform for velferdsteknologi. Det vart lagt ned eit stort arbeid frå prosjektleiar, einingsleiarar og frå rådmannsnivå. Det var viktig for å få eigarskap til arbeidet som skal skje lokalt. Velferdsteknologi vert ein viktig del av tenestetilbodet og skal alltid vurderast først inn når nytt behov melder seg.

Tenestene har i dag blant anna tatt i bruk ny alarmsentral, GPS, elektriske dørlåsar, digitale tryggleiksalarmar, telemedisinsk tilsyn med ulike sensorar og smarte dører. E-læringskurs vert nytta i stor grad i tenestene både for å skaffe seg informasjon men også for å ta kurs i til dømes medisinhandtering. Digital innbyggjardialog vart rulla ut hausten-18 og er eit godt tilbod for innbyggjaren. Giske kommune har laga sin eigen film om velferdsteknologi <https://www.youtube.com/watch?v=fPqvNNYaVuw>. Giske kommune har også laga brosjyre om velferdsteknologi og sendt ut denne til innbyggjarane i lag med eit brev frå kommunen. Elektronisk utgåve av brosjyra om velferdsteknologi ligg [her](#).

Velferdsteknologiske verkty effektiviserer og forenkler kvardagen og betrer tilbodet til brukaren. Dei tilsette er både motiverte og engasjerte og ser effekt av å jobbe på andre måtar.

Tverrfagleg og tverrsektorielt samarbeid:

Tenestene har stort fokus på tverrfagleg samarbeid og nytte ressursane fleksibelt på tvers. Dette står som eit viktig mål også for 2019.

Ny organisering av helse og omsorgstenestene:

Ramme 6, einingane i ramme 7 og tildelingskontoret var våren 2018 med på eit arbeid om ny organisering av helse- og omsorgstenestene i Giske kommune. Det vart sett ned ei arbeidsgruppe beståande av leiarar, tilitsvalde og politikarar frå komiè for helse og omsorg. Eit omfattande arbeid vart lagt ned, med god involvering av alle tilsette. Vi er godt fornøgde både med prosessen og resultatet. Ny organisering vart vedteken i kommunestyre 14. juni 2018. For ramme 7 vart følgjande endringar: Etablert ny eining Meistring og psykisk helse der psykisk helseteam voksne og Kingelveven dagtibod vart flytta over frå ramme 6, rustenesta vart flytta over frå NAV Giske, bufellesskapa Gudmundvegen, Skomakarvegen og Løkevegen vart flytta over frå Valderøy omsorgsdistrikt. Natt-tenesta vart samla i Valderøy omsorgsdistrikt.

Personale

Mål om nærvær på 95% er ikkje nådd. VGG hadde eit samla sjukefråvær på 6,1%. VAOMS hadde eit samla sjukefråvær på 9,9%. Dette er likevel ein nedgang frå 2017 med om lag 1%. Einingane deltek i IA-arbeidet NED med sjukefråværet som starta i 2018 og fortset vidare i 2019. Satsinga er eit samarbeid mellom NAV, KS og Giske kommune.

Einingane har stort fokus på godt arbeidsmiljø, god og tett oppfølging av dei tilsette, tilrettelegging, rettleiing, etiske refleksjonsgrupper og utvikling av fag og kompetanse.



› Institusjonstenester


Giske kommune har åtte institusjonsplassar ved Vigra omsorgssenter dement avdeling Skogly. Kommunen når målet om 30 minutt tilsynslege kvar veke til desse brukarane. Mange har behov for plass, og vi har til ei kvar tid fylt opp institusjonsplassane. Vi jobbar med å tilrettelegge for skjerming for å kunne yte best mogleg og forsvarleg tilbod til dei som bur der. Dei tilsette har høg kompetanse innan demens og utviklar seg i takt med behov, lover og forskrifter. Giske kommune leverer eit tilbod av høg kvalitet ved Vigra omsorgssenter. Det er auka vekst i tal demente og det er venta ei dobling innan dei neste 10-15 åra, frå 70.000 til 140.000 på nasjonalt plan. Behov for tenester til innbyggjarar med demens lidning aukar. Vi har sett i gong arbeid med å tilrettelegge for differensierte tilbod, t.d meir dagtilbod og andre lavterskeltilbod som aktivitetsvenn.




» Kjøkken

Kjøkkentjenester

Kjøkkenet leverer tjenester til omsorgssentera, institusjon og heimebuande. Dei leverer gode tjenester og er svært aktive i utviklingsarbeidet. Kjøkkenet har eit tett og godt samarbeid med dei andre tenestene, mellom anna gir dei arbeidspraksis og er lærlingstad. Kjøkkenet leverer møtemat og deltek i høve dagaktivitetar og andre sosiale tilstellingar med grilling, som ved opninga av overbygg ved Godøy bukolektiv. Kjøkkenet starta i 2018 eit samarbeidsprosjekt med næringslivet, folkehelsekoordinator og kommunale barnehagar, "Go'fisken", som er blitt svært populært. Ønsket er auka fokus på fisk til barn og unge.






› Heimebaserte tenester

Det vert levert heimebaserte tenester både i bukollektiv, bufellesskap, omsorgsbustader, og i heimen til brukaren, som BPA (brukarstyrt personleg assistanse) og kvardagsrehabilitering. Heimebasert teneste er den største tenesta i omsorgsdistrikta og vert gitt til brukarar i alle aldrar. Den står føre ei tid med fokus på tenesteutvikling, tverrfagleg samarbeid, digitalisering og nye arbeidsmetodar. Tenestene er i tett samarbeid med tildelingskontoret i vurdering og utmåling av teneste. Målet er at brukaren vert sjølvhjelpst så langt som råd og skal bli meir aktiv i eige liv. Kvardagsrehabilitering er implementert som fast teneste i kommunen og heimebaserte tenester har fått opplæring i modellen som skal vere ein aktiv del av tenesteytinga. Det vert framover ei nøye vurdering av kva ein kan tildele av velferdsteknologiske løysingar som første val. Tenestene merkar ei auke både i tal på brukarar og i kompleksiteten innan pleie og omsorgstenestene. Nye måtar å yte teneste på vert avgjerande for at kommunen skal klare å møte framtidige behov. Spesialisthelsetenesta gjer kutt i sine tenester og kommunen merkar godt at brukarane kjem raskare heim og er dårlegare enn tidlegare. Dette fører til eit stort press på heildøgns plassane og auka krav til meir tenesteyting i heimane.

Utviklinga viser ei markant auke både i tal på brukarar, tal på tildelte tenester og tal på elektroniske meldingar (sjå tabell). Tildelingskontoret vart etablert i 2016 og har 2,3 årsverk i saksbehandling innan helse og omsorg. Kontoret har så langt handtert auken utan å få tilført ressursar, men særleg frå 2018 opplever kontoret auken i arbeidsoppgåvene som svært krevjande. Utfordringa vidare vert å ha økonomisk berekraftige tenester, yte fagleg forsvarlege tenester, rekruttere rett og god kompetanse, rett tildeling av tenester innan BPA, bu- og tenestetilbod til barn og unge med spesielle behov, møte auken innan demens, auka forventning til kva kommunale tenester skal yte og halde tritt med behov, krav og utvikling.

Kommunebarometeret for 2018 viser at Giske kommune yter svært gode omsorgstenester og ligg som nr. 15 på landsbasis. Sjå tabell under.

Tal brukarar av tenester



Kostra, omsorg 2018

Nøkkeltall	Enhet	Giske	Kostragruppe 11	Landet utan Oslo
Utgifter kommunale helse- og omsorgstenester per innbyggjar	kr	22 477	32 238	27 206
Årsverk helse og omsorg per 10 000 innbyggjar	årsverk	273,6	374,5	311,5
Netto driftsutgifter til omsorgstenester i prosent av kommunens samla netto drift	Prosent	27,3	34,7	31,9
Andel brukarretta årsverk i omsorgstenesta med helsesutdanning	prosent	79,0	75,4	74,8
Andel brukertilpassede enerom med eget bad/wc	Prosent	100	92,1	89,7
Andel private institusjonsplasser	prosent	0,0	0,1	5,4
Netto driftsutgifter til kommunehelsetenesten i prosent av kommunens samlede netto driftsutgifter	prosent	4,6	4,9	4,8

› Flyktingtenesta og introduksjonsprogram

Giske kommune buset flyktingar etter avtale med [IMDi](#). I 2018 busette vi 10 personar. Familiesameining kjem i tillegg.

Giske kommune er i dag heim for flyktingar frå: [Eritrea](#), [Somalia](#), Etiopia, [Afghanistan](#), [Sudan](#), [Syria](#) og Irak.

I 2018 var det 12 som avslutta introprogrammet. 4 nye fekk jobb, 5 gjekk vidare til annan utdanning. 3 flyktingar flytta til annan kommune som mellom anna gjer at vi må overføre tilskotet for desse til den nye kommunen.

Flyktingtenesta sitt mål:

Målsettinga er å legge til rette for at flyktingane får høve til å ta i bruk eigne ressursar, bli sjølvstendige ved å kome ut i inntektsnivande arbeid eller utdanning og bli aktive deltakarar i det norske samfunnet og lokalmiljøet. Både IMDi og KS signaliserer betydinga av kvalifisering til arbeidsliv gjennom både arbeidpraksis og –erfaring, samt utdanning. Introduksjonsprogrammet har som mål å kvalifisere deltakarane til arbeid eller vidare utdanning for å kome ut i varig arbeid, og lære om og ta del i det norske samfunnet og bli økonomisk sjølvstendige.

Kva er eit introduksjonsprogram?

Introduksjonsprogrammet følgjer lov om introduksjonsordning og norskopplæring for nyankomne flyktingar. Programmet skal gi norskopplæring, samfunnskunnskap, arbeidserfaring og eventuelle kurs med tanke på best mogleg integrering i samfunnet. Programmet er på full tid i inntil to år og gir rett til introduksjonsstønad. I 2018 starta 8 grunnskuleutdanning, eit par tek vidaregåande skule.

Alle introduksjonsdeltakere skal ha en individuell plan som gjeld tida deltakeren er i programmet. Flyktingtenesta i Giske kommuner samarbeidar med fleire einingar, td. NAV, helsestasjon og vaksenopplæringa FU.


Introduksjonsprogrammet viser eit meirforbruk på om lag kr 1,2 mill. Budsjettet var lavare enn faktisk drift, dette er korrigert i budsjettet for 2019.

Kven kan få introduksjonsprogram?

Flyktingar mellom 18 og 55 år, som er busett i Giske kommune etter 01.09.2003, vil vanligvis ha rett til introduksjonsprogram. Personane må være busett etter avtale med UDI og kommunen.

Deltakarar må ha status som:

1. Overføringsflyktinger
2. Flyktinger med politisk asyl
3. Personar med opphald på humanitært grunnlag
4. Personar med kollektivt vern
5. Personar som blir sameint med personer frå ovannemnde grupper, som har vore busett mindre enn 5 år.



8 Miljø og kultur

8 MILJØ OG KULTUR		Regnskap	Buds(end)	Budsjett	Regnskap
Teneste	Alle tal i heile 1000	2018	2018	2018	2017
2310	AKTIVITETSTILBOD BARN OG UNGE	582	248	248	118
2340	AKTIVISERING AV ELDRE OG FUNKSJONSHEMMA	-	-	-	2
2342	FRIVILLIGHETSSENTRAL	804	291	291	407
2423	MOT - PROSJEKTET	245	337	337	303
2730	KOMMUNALE SYSSELSETTINGSTILTAK	138	298	298	393
3620	FRILUFTSLIV	361	267	267	284
3650	KULTURMINNEVERN	113	162	162	111
3700	BIBLIOTEK	1 596	1 573	1 573	1 554
3750	MUSEER	266	279	279	263
3770	KUNST OG KUNSTFORMIDLING	178	175	175	176
3801	VIGRAHALLEN	-	-	-	9
3810	IDRETT	271	337	337	265
3830	KULTURSKULE	2 606	2 667	2 521	2 409
3850	KULTURKONTORET	1 315	1 375	1 375	1 488
3851	ANDRE KULTURTILTAK	134	103	103	93
Sum gruppeansvar: 8 MILJØ OG KULTUR		8 610	8 112	7 966	7 875

Kultur og miljø dekkjer tenester som vist på rekneskapsversikta ovanfor. Årsmeldinga oppsummerer dei viktigaste prioriteringane i 2018 utan å ta for seg kvar enkelt teneste, med vekt på brukarretta tenester utan å kommentere tenester der ein fordelar midlar til lag, organisasjonar og nærmiljø.

Investering

8 MILJØ OG KULTUR		Regnskap	Buds(end)	Budsjett	Regnskap
Prosjekt	Alle tal i heile 1000	2018	2018	2018	2017
4302	FLEIRBRUKSHALL VIGRA	-	-3 300	-3 300	-3 000
4303	SKILTINGPROSJEKT	12	-	-	-
4308	Skilt, Informasjon og tilrettelegging av Turveggar og kulturminne	69	150	150	-
Sum : 8 MILJØ OG KULTUR		81	-3 150	-3 150	-3 000

Økonomi

Eininga hadde eit meirforbruk på kr. 497.000 i 2018. Dette skuldast i all hovudsak tre faktorar:

1. Bortfall av øyremerka statstilskot til frivilligsentralen på kr. 370.000. Midlane ligg i rammeoverføringa, men er ikkje innarbeidd i kultrbudsjettet.
2. Manglande budsjettmessig finansiering av kommunal eigeandel til barnefattigdomstiltaka, ført over kultur sitt budsjett, meinst kr. 80.000 - minst 20% av statstilskotet på kr. 400.000.
3. Gjennomføringa av Kulturdagane i Giske gjekk med eit underskot på kr. 40.000

For å minimere meirforbruket har eininga praktisert ein streng budsjettdisiplin for resten av tenesteområda i eininga. Vi har difor eit mindreforbruk innanfor tenestene idrett, MOT, kulturskule og kulturkontor.

Hovudmål

Kvalitetsplanar skal utviklast for alle kommunale tenester

Gjennomføring av omstillingsprogrammet «Tenesteutvikling gjennom digitalisering og bruk av ny teknologi» held fram

Nettbaserte løysingar for intern kommunikasjon og informasjon skal vidareutviklast

I arbeidet med utvikling av Giske-samfunnet skal det leggjast vekt på tiltak og aktivitetar som bidreg til utvikling av eit heilskapleg syn på organisasjon og samfunn

Innbyggjarmedverknad mellom val skal ha høg fokus frå kommunen si side over det som følgjer av lov og forskrift. Arbeidet med å utvikle godt samspel med innbyggerane held fram i planperioden

Måloppnåing

Miljø og kultureininga arbeider i stor grad i samsvar med dei kommunale hovudmåla for kommunen i 2018: tverrfagleg, tverrsektorielt og med vekt på innbyggjarmedverknad der samspel står sentralt. Kulturplanen som vart vedteken 2016 inneheld mål og strategiar for eininga. Handlingsplanen i kulturplanen må rullerast i samband med budsjett 2020 for å vere i tråd med dei finansielle rammene.

Gjennom samspel med frivillige, grunneigarar, lag og organisasjonar skal ein i fellesskap vidareutvikle friluftslivet i kommunen i høve informasjon, skilting, tiltak for å hindre erosjon av området rundt, parkering m.m. Konklusjonane frå bålsamtalane i 2017 ga viktige innspel til arbeidet.

Høgdepunktet for **Kulturdagane 2018** var arrangementet i Øygaardshallen, som samla fullt hus. Eininga er flink til å utnytte mulegheiter til eksternt finansiering av arbeid som ein ønskjer å utføre.

Kulturskulen har arbeidd mykje med digitalisering, både av administrasjon og undervisning. Nytt administrasjonsprogram som skal lette administrasjon, fakturering og informasjon mellom foreldre, elevar og skule er implementert. I undervisninga har ein teke i bruk notasjonsprogram og "band in a Box" som kan brukast både i øving, komposisjon, arrangement og til akkompagnement ved framføringar. For tredje året på rad er ein elev frå Giske kulturskule fått med kunstverk til Norsk kulturskoleråd sin årskalender.

Det blir jobba svært godt i **Frivilligsentralen**. Det er framleis litt utfordrande med planlegging sidan det er mykje som skjer og mange folk skal sysselsettast.

Med eit aldersspenn frå 12-13 og til 16 år, så er det utfordrande å finne ei tenleg arbeidsform som fungerer fint for **BUKS** - (Barn og Unges KommuneStyre). Men ordninga er såpass ny at den toårige prøveperioden må fullførast (2019) før vi ev. tek grep.

UKM vart gjennomført med workshop i forkant og eit flott lokalarrangement. Diverre opplevde vi for første gong på snart 10 år ein større nedgang i deltakarantal

Personale

Eininga hadde 19 tilsette, medrekna dei to MOT-coachane, som for første gong er med i stillingsoversynet. Vi har eit nærver på 94% (korttids 98,8% og langtids 95,3%). Eininga har svært dedikerte og motiverte tilsette som ivrar etter å gi gode tilbod til innbyggjarane våre. Nokre medarbeidarar jobbar ein god del timar i året dei ikkje får godskrive / betalt for. Vi må prøve justere dette over tid, i alle fall i den grad dei tilsette sjølv ønskjer dette.



› Kulturkontoret

Måloppnåing

- Stien på sør og vestsida av flyplassen som knyter saman Sørestrandvegen med Synesvegen, er fullført. Mange har etterlyst fast dekke på stien, men det låg ikkje inne i prosjektet. Dette er eit resultat av godt samarbeid mellom Avinor, Fylkesmannen, sysselsettingsprogrammet, kulturkonsulent og teknisk eining.
- Einingsleiar er kommunen sin kontaktperson overfor Alnes og den UKL-status dei har fått (Utvalde KulturLandskap i jordbruket). Det er gjennomført tre møter i år. Einingsleiar har deltatt på 3-dagers samling i Bodø saman med grunneigarrepresentantar og representantar frå Fylkesmann og fylkeskommune for å bygge nettverk og hauste erfaringar frå andre. Arbeidet er i gang. Mykje skal avklarast innleiingsvis, så det er behov for ei samkøyring internt i kommunen. Einingsleiar har ansvar for dette. Kommunane vil få ansvaret for denne ordninga allereie frå 01.01.2020, så her må vi snart avklare korleis vi skal organisere dette ansvaret framover.
- Plan for informasjon, skilt og stiar på Alnes: nemnte arbeidsgruppe for UKL-området vil bli brukt som ressursgruppe for einingsleiar i arbeidet med å realisere planen. Frivilligsentralen har levert materiale til klipper i turstiar ute på Alnes. Dette samarbeidet skjer i regi av Alnes felleseige og utmarkslag. Planen er no godkjent. Det står framleis att ein del planlegging før ein kan ta til på størstedelen av realiseringa. Vi kartlegg firma som kan levere skilttenester og som kan bistå i kvalitetssikring av arbeidet slik at vi leverer rett teneste på rett plass.
- Vi ønskjer å utvikle ein samla plan for turar / stiar, skilting og informasjon på området Molnes – Roald. Det er gjennomført to møter med grunneigarar på Molnes og Roald, men det står att å få grunneigaravtalar, designe skilt og finansiere arbeidet før realisering. Her vil vi søkje støtte frå bl.a. Fylkesmannen. Det blir jobba vidare med prosjektet utover i 2019. Fylkesmannen, som er i Molnes verneområde, blir sterkt involvert. Det blir også Statens naturoppsynsmann i fylket. Arbeidet vil bl.a. skje som samarbeid med teknisk, kultur ved kommunalt sysselsettingsprogram, kulturkonsulent og einingsleiar.
- Vi har fått etablert og grusa opp delar av stien i Kolvikparken. Vi må truleg etterfylle grus i løpet av 2019. Der er mykje nedfallsskog som må ryddast. Dette er tungt og omfattande arbeid.
- Vi fekk tilslag om midlar frå både Riksantikvar (til kulturminne på Valderøya) og hos fylkeskommunen / -konservator (krigsfort på Budafjellet, Vigra). Kulturkonsulenten har fått avtale med grunneigarar og har hatt befaringar saman med fylkeskonservator for å avklare innhald tekst, plassering av informasjonstavler m.m. Informasjonsskilt er produsert og klart til utplassering når våren kjem.

Måloppnåing

Målet for **frivilligsentralen** i 2018 var å styrke posisjonen som aktivum for innbyggjarane gjennom samarbeid med lag og organisasjonar og andre kommunale einingar.

Mange eldre melder inn behov for frivillig innsats.

Det kommunale sysselsettingsprogrammet der dagleg leiar av frivilligsentralen er arbeidsleiar er frå 2019 gjort permanent, bl.a. ved at vi har fått inn ny medarbeidar i sentralen som vikar for fast dagleg leiar. Dette er eit svært viktig program for alle involverte frå arbeidarar, brukarar og kommunale einingar. Det er faktisk alle kommunale einingar som får hjelp frå dette programmet.

Den kulturelle spaserstokken blir brukt for å oppnå målet. Det er gjennomført mange ulike arrangement i løpet av året. Gjennomføring av desse skjer i tett dialog med tilsette, bebuarar og frivillige krefter. Her har vore fulle hus på bl.a. Valderøy omsorgssenter der også bebuarar frå Vigra deltok.

Kva gjer Frivilligsentralen?

Frivilligsentralen har ei rekkje oppgåver for kommunen:

- Køyning av dagpasientar måndag, onsdag og torsdag.
- Utkøyning av mat tysdag og fredag.
- Transport av elevar til bading.
- Køyning av elevar til alternativ undervisning
- I tillegg steppar vi inn ved avspasering på Giske omsorgssenter og stiller opp ved andre oppgåver som det trengs hjelp til.
- Hjelp til Kingelveven - dataspel og koking av vedbrikettar.
- Køyning av eldre kvar tysdag. Fallgruppe ved omsorgssenteret.

Dette utgjer ca. 25 timar per veke i sparte utgifter for andre einingar. I tillegg hjelper vi til der vi kan - i barnehagar, skular og eldresenter

- Frivilligsentralen har ansvaret for **den kulturelle spaserstokken** med mange arrangement gjennom året. Dette blir gjennomført med støtte frå fylket.
- I 2018 har frivilligsentralen hatt ansvaret for gjennomføring av barnefattigdomsprosjektet med aktivitetar i alle feriar. Dette blir finansiert med statlege midlar. I 2018 fekk vi 200.000 kroner til dette, og fekk til tiltak over 10 dagar.
- I 2018 kjøpet frivilligsentralen ei hakke til kjøkenet på GOS til 76.000 kroner.
- I 2018 har ca. 20 personar hatt arbeidstrening her gjennom NAV. Mange av desse har vi fått over på statlege ordningar og spart kommunen for mykje pengar. Gjennom prosjektet har fleire personar klart å kome ut av rusmisbruk og inn i jobb eller skule igjen. Verdien av dette kan ikkje prisast.
- I samarbeid med Rotary og andre frivillige har Frivilligsentralen fått lagt ut klopper på stien ut til seglmerket på Synes.
- I tillegg gjer vi ein jobb ute blant innbyggjarane som vi hjelper på mange ulike måtar.

Inntekter

- Vedproduksjon gir inntekter på 40.000 til 50.000 kroner per år.

- kr. 175.000 frå Sparebanken Møre sine gåvemidlar i samband med banken sitt 175 års jubileum. Gåva skal nyttast til istandsetjing og etablering av turstiar og turløyper samt bord og benkar på alle øyane.
- Kr. 100.000 frå stiftinga Eldres Vel på Valderøya. Midlane skal gå til oppsetjing av gapahuk til Giske omsorgssenter (GOS) inkl. tillaging av området med bord og benkar.



› MOT-prosjektet

MOT-coachane besøker ungdommane til saman 15 gongar i løpet av dei tre åra dei går på ungdomsskulen (Godøya og Valderøya). Prinsippa i arbeidet er å jobbe i forkant, sjå heile mennesket, forsterke det positive, og å bruke vaksne og ansvarlege kulturbyggjarar til å inkludere andre. Dei to MOT-coachane fungerer svært godt saman. Vi har også to svært aktive Unge MOT-leiarar som på eige initiativ hadde eigen MOT-stand under NM i innandørs bueskyting i Vigrhallen i mars. Dei gjennomførte også Mot til å glede-dagen på ungdomsskulane i november. Det siste i samarbeid med Unge MOTivatorar (tidlegare Ungdommar med MOT) som er 10. klassingar på skulane.

Vi skulerer årleg nye Unge MOTivatorar. Dette er 9.-klassingar frå begge ungdomsskulane som er til støtte for elevane utanom besøka.



Show courage!



› Biblioteket

Måloppnåing

Biblioteket hadde 791 aktive personlege lånarar, ein reduksjon på 10% frå 2017 og 114 institusjonar i 2018, ein auke på 142% frå 2017. 34 av dei personlege lånarane bur i andre kommunar.

Biblioteket hadde 14.838 besøk i 2018, en svak auke frå året før.

Utlån: 17.293. Samanlikna med 2017 har utlånet gått ned med 1503 utlån. Nedgangen kan forklarast med nedgang i **ebokutlånet** som er halvert i høve fjoråret. Utlånet av **papirbøker** har derimot auka med 126 utlån frå i fjor. Grunnen til nedgang i ebokutlånet heng først og framst saman med ny avtale mellom forlaga og biblioteka, ein avtale som er langt dårlegare enn tidlegare og fører til eit svekka tilbod til brukarane av eBokBib. I tillegg må ein peike på at fram til 2017, så vart fornyingar av lån tatt med i utlånstalet i statistikken biblioteka leverer til Nasjonal-biblioteket. Frå 2017 tek vi med berre førstegongsloan.

Biblioteket arrangerte **klebyttedag** i vår og haust. Dette vart ein kjempesuksess som ga godt besøk og veldig gode oppslag i ulike media. Det blir også gjennomført **språkkafé** – møte mellom innvandrarar og innbyggjarar – to timar to gongar i månaden (annakvart tysdag). Her er det plass for fleire innbyggjarar

Biblioteket var i 2018 også lokale for «**bli kreativ kveld**» som to tidlegare innvandrarar arrangerer. Dette er ein treffstad for innbyggjarane, og noko som dei sjølve sakna den gong dei kom som nye til Giske kommune. Det blir også gitt litt finansiell støtte til dette flotte tiltaket. Vel verdt pengane!


Pga litt justering i personalkabalen på biblioteket har vi ikkje fått gjennomført så mange besøk i barnehagar og på skular som ønska. Ein har likevel vore på Godøy skule der 5. – 7. klasse som deltakarar i Norli sin lesekonkurranse vart premiert med besøk av forfattaren Marius Horn Molaug, 4 besøk til Tryggheim barnehage og eitt i Vigra barnehage. I samband med Sommarles besøkte vi alle fire barneskulane ved oppstart i juni og hadde stor sommarlesfest etter endt aksjon i september.

I samarbeid med flyktingetenesta arrangerte biblioteket «**inkluderingsdag**» på Valderøy barneskule i september. Målsettinga var å kople fleire aktørar i lokalmiljøa på øyane (bedrifter, personar, lag og organisasjonar) tettare saman. På trass av attraktivt trekkplaster iform at føredragshalar / underhaldar og spennande samtalar var det etter vår vurdering altfor få som fekk med seg dette tilbodet.

Biblioteket har også hatt 6 opne kveldsarrangement i løpet av hausten: to bokslepp, eit forfatterbesøk, eit bildekåseri, ei familieforestilling, ein poesikveld.

Biblioteket har i stor grad utnytta mulegheitene som digitale løysingar gir pr i år, ref e-bøker, aktiv nettside, bruk av Facebook, og websøk i bokkatalogen (Mikromarc) der du både kan fornye og reservere bøker, sende melding til biblioteket, få sms-melding når du skal levere og få nyheiter om litteratur for barn, ungdom og vaksne.

Arbeidet med **meiøpe bibliotek** og **meiopen kommune** har så langt tatt lengre tid enn vi kunne ønske, bl.a. fordi vi ikkje har klart å konkludere med aktuelle konsept. Formannskapet vedtok å utsetje sak om val av konsept slik at den skal vere behandla innan utløpet av 1. halvår 2019. I januar -19 vart det gjennomført fleire workshopar med innbyggjarane i januar som grunnlag for og i samarbeid med arkitekt Aat Vos som skal lage mulegheitsskisser. Aat Vos er velkjent for sine moderne, attraktive og brukarpopulære moderne bibliotek, ref bl.a. Biblio-Tøyen og Ulstein Arena. Ny folkehelsekoordinator Anette Jahre er prosjektleiar.



› Kulturskolen

Kulturskolen hadde 378 elevar med 43 på venteliste mot 316/66 og 362/89 i 207/2016. To grupper øvde i musikkbingen (9 musikanter) pluss to vaksne som øvde for seg sjølv.

Også kulturskolen arbeider med digitalisering. Det nye administrasjonsprogrammet som er implementert, skal lette administrasjon, fakturering og informasjon mellom skule, foreldre og elevar. I arbeid med elevane har ein tatt i bruk notasjonsprogram som ved sida av noteskriving kan brukast til arrangering og komposisjon. Skulen har kjøpt inn ein Boss 300 Loop-Pedal av same type som Jarle Bernhof og Ine Hoem brukar. Ein brukar også "Band in a Box", eit programder du kan bruke demolåtar eller registrere egne låtar. Deretter kan du laste ned ferdige melodiar og komp frå programmet (midifiler) for sangsolistar eller andre solistar. Du kan også fjerne ulike spor slik at du f.eks. berre spelar eit av instrumenta. På nettet fins ulike videoar som presenterer korleis du kan spele ulike stykke. Du kan bruke iPad til alt dette. Det er gjort mykje spennande her noko ein også ser ut frå elevarbeid som blir presentert. Ei utfordring er sjølvstøtt kompetanseheving, ei anna å halde seg oppdatert på godt verktøy. Dette skjer bl.a. gjennom fagdagar på starten av kvart arbeidshalvår, slik også i år.

For tredje året på rad er elev frå Giske kulturskule blitt tatt ut med kunstverk til Norsk kulturskoleråd sin årskalender! Den æra er det ikkje alle kulturskular som får oppleve!



UngData-undersøkinga

Ung Data-undersøkinga

Ung Data-undersøkinga i samarbeid med ungdomsskulane, BUKS, kommunepsykolog, folkehelsekoordinator og einingsleiar vart gjennomført i 2017. Resultata er jobba med og det har blitt laga til filmar for å presentere resultata. Filmane er laga av Fuglefjellet i tett samarbeid med ungdommar frå BUKS og folkehelsekoordinator Torill Valderhaug. Ho har vore ute på skulane og presentert resultata. Torill og representantar frå BUKS (Barnas og Ungdommens KommuneStyre) presenterte resultata for kommunestyret i september.

Resultata frå undersøkinga vart fulgt opp i fellesmøte mellom BUKS, Komite for helse og omsorg, og komite for kultur og oppvekst 23. januar. Ei vidare utfordring blir å vurdere korleis og i kvar grad vi bør justere drifta og innovasjonen i kommunen for å forbetre oppvekstvilkåra for barn og unge i Giske.

På Giske kommune sine heimesider finn du ein fyldig presentasjon av Ung Data-undersøkinga.



» Prosjekta "Aktiv ferie" og "Open hall"

"Aktiv ferie" og "Open hall"

Prosjekta «Aktiv ferie» og «Open hall» vart gjennomførte i samarbeid mellom bl.a. kultur inkludert frivilligsentral, flyktning og NAV. Finansieringa vart gjort gjennom statstilskot, kommunale midlar og eigeninnsats.

To dagar med «Aktiv ferie»-prosjektet vart gjennomført i vinterferien med besøk på Atlanterhavsparken, Fjellstua, dyreklubben og bowlingaktivitet. Vi fekk kr 400.000 som sikra vidare aktivitet i 2018 og 1. kvartal av 2019. I sommaren 2018 var det difor overnattingstur til Stryn og diverse aktivitetar lokalt i Giske og rundt om i regionen.

Ein planlagd rusfri konsert for barn og unge frå 13 år ute i Øygaardshallen i haustferien vart avlyst pga for få selde billetter. Open hall vart gjennomført i samarbeid med idrettslaga og Vigra Valderøy Pistolklubb kvar søndag frå november fram til 3. mars. Det er generelt bra interesse for begge prosjekta, men det varierer sjølvsagt etter type aktivitet.

Rekneskapa viser eit meirforbruk innanfor teneste 2310. Dette skuldast i hovudsak eit nytt krav om 20 % kommunal eigenandel for å få desse midlane. Sjølv om det er mange einingar som er involvert i dette arbeidet, så har vi for enkeltheits skuld vald å føre alle utgifter på dette tenesteområdet sjølv om kultur ikkje har fått midlar til å dekke dette.

Dette er veldig viktige tiltak som styrkar folkehelsa i kommunen. Men vil vi understreke at det aller meste av det oss jobbar med i eininga I sanning er med på å styrke folkehelsa til innbyggerane våre.

Noko av det kjekkaste vi har gjort er Kulturdagen i Øygaardshallen (eventhallen) på Giske. Dette ga folkehelse til tusen for både deltakarar, aktive, besøkande og arrangørar. [Du kan lese meir i ein eigen artikkel.](#)





› Kulturdagane i Giske

Kulturdagane i Giske vart arrangert siste veka i september og første veka i oktober. Sist gong vi arrangerte Kulturdag var i 2016. I motsetnad til sist valde vi denne gong å utvide med aktivitetar i veka før og veka etter Kulturdagen søndag 30. september. Fordelen med dette er at ikkje alle, av ulike årsaker, har høve å delta på sjølv Kulturdagen. Mange lag og organisasjonar har difor takka ja til å opne dørene sine for interesserte innbyggjarar som kan kome og sjå og høyre kva det er dei ulike laga driv på med.

Sjølv Kulturdagen i Øygardshallen på Giske var ein stor suksess! Berre spør ein av dei mange som fylte opp hallen eller les omtalen i Øy-blikk. I 2018 prøvde vi involvere frivillige i sterkare grad. Vi meiner at dette var nødvendig og gjorde at vi fekk ei betre forankring av arrangementet rundt om i heile kommunen. Men vi ser at dette arrangementet er heilt avhengig av stor kommunal innsats og dermed noko vi ikkje kan gjere kvart år. Men når resultatet vart som det vart, så er motivasjonen stor for å gjere dette eit anna år også. Dette var verkeleg ein dag for minnebøkene

Det er mange av dei deltakande aktørane som ikkje har svart på evalueringskjemaet, men ut frå det vi har fått vite så kan vi peike på følgjande:

- Øygardshallen var fin til føremålet med mulegheit for mykje ulikt både aktivitetar, stand og frå scena. Men det var smekktfullt når sceneunderhaldninga stod på, færre resten av dagen.
- Mange av laga hadde laga fine presentasjonar og aktivitetar der besøkande kunne bli betre kjend med laga.
- Fin informasjon i forkant. Medverkande lag/ kan med stor fordel informere i dei kanalane dei nyttar: medlemmar, sosiale media m.m.
- 4 timars program var litt i overkan for dei som var der heile dagen. Eit konkret forslag er å dele programmet i to med sal av mat og drikke i mellom. Dei fleste tilbakemeldingane går på at laga sjølv bør kunne organisere dette salet og slik få inntektene av det. Det blir urettferdig om eitt lag får alle inntekter. Men kanskje klarer ein kombinere dette med eit eller fleire kaféareal der folk kan sette seg ned i nærleiken av salet.
- Vi fekk godt med skryt for at lokalet var fint og triveleg tilrettelagt når lag og org. kom for å rigge. Men vi må organisere parkering og transport / varelevering på utsida på ein betre og meir styrt måte i år.



9 Teknisk

Drift

Ansvare	9 TEKNISK	Regnskap	Per.b(end)	Budsjett	Regnskap
	Alle tal i heile 1 000	2018	2018	2018	2017
5000	BYGGESAK (Sjølvcost)	772	63	-	492
5100	EIGEDOMSAVDELING	35 388	32 220	31 978	34 227
5300	BRANNVERN	4 984	3 952	3 891	4 311
5310	FEIING OG TILSYN (Sjølvcost)	82	-	-	25
5400	KOMMUNALT KARTVERK	2 161	-458	-481	1 443
5410		-	-	-	-
5500	REGULERING	429	39	-	2 159
5510	PLAN	844	516	516	112
5520	GRUNNKJØP	1 089	1 137	1 137	39
6000	OPPARBEIDING UTBYGGINGSOMRÅDER	-2 246	-1 600	-1 600	-308
6100	VEGANLEGG	8 010	7 345	7 271	7 726
6200	VASSFORSYNING (VAR)	-	60	-	-
6300	AVLØP OG RENSING (VAR)	-	55	-	-
6350	SLAMTØMMING (VAR)	-	-	-	-
6400	RENOVASJON (VAR)	-	22	-	-
Sum gruppeansvar:	9 TEKNISK	51 513	43 350	42 711	50 226

Eininga omfattar ansvarsområda som vist i rekneskapoversikta ovanfor.

Investering

	9 TEKNISK	Regnskap	Buds(end)	Budsjett	Regnskap
Prosjekt	Alle tal i heile 1000	2018	2018	2018	2017
2319	UNDERVISNINGSBRAKKER VIGRA SKULE	3 174	3 153	-	-
2324	NY BARNESKULE PÅ VALDERØY	-684	-	-	-2 977
2532	UNDERVISNINGSBRAKKER VALDERØY UNGDOMSSKULE	5 717	5 536	-	-
3102	OMSORGSBUSTADER PSYK.	-	-	-	88
4302	FLEIRBRUKSHALL VIGRA	-3 000	-	-	-
4308	Skilt, Informasjon og tilrettelegging av Turvegar og kulturminne	33	-	-	-
5102	SAL AV KOMMUNALE BYGG	9	-	-	22
5109	KJØP/SAL AV BUSTADER	-	-	-	7
5110	KLIMA- OG ENERGILTAK	1 574	4 136	3 125	1 583
5120	FLYTTING AV SKULEBRAKKER PÅ SKJONG BARNESKULE	-	-	-	6
5121	SAL KOMMUNAL GRUNN	-273	-	-	25
5130	NÆRMILJØTILTAK	95	944	200	99
5150	INVESTERING ADM.BYGG	1 000	1 688	1 688	204
5152	INVESTERING HELSE- OG OMSORGSBYGG	785	600	600	388
5154	INVESTERING NÆRINGSBYGG	3 984	2 640	1 625	1 153
5155	INVESTERING SKULE- OG BARNEHAGEBYGG	659	520	3 000	714
5156	INVESTERING UTLEIGEBUSTADER	112	4 994	-	-
5166	ALNES BESØKSENTER	-569	-	-	-3 052
5167	Valderøy Ungdomsskule tilbygg/påbygg	-	-	3 750	-
5168	Vigra Skule tilbygg/påbygg	-	-	300	-
5169	Utstyr til etablering av reinhaldsteam	-	125	125	-
5200	SYMJEHALL - UTGREIING	-	-	-	188
5302	BRANNBIL	667	1 513	1 513	-
5362	DIV. REGULERINGSPANAR	-	250	250	-
5363	Områdeplan Sætra og Gjø sund	39	500	-	-
5370	KARTLEGGING - Marine Grunnkart	278	221	-	41
5371	DIGITALISERING	145	-	-	67
5372	KART PÅ NETT	-	500	500	-
5410	FELLES TEKNISK UTSTYR	-8	150	150	954
5420	UTSTYR PARK/GRØNT	-	238	-	-
5501	DIV. TOMTER VALDERØY	-101	-	-	-
5506	SENTRUMSOMRÅDE	1	-	-	7
5510	GROVEN	-	-	-	1 313
5605	SKULEVEGEN GISKE	759	13 592	10 345	548
5651	DIV. TOMTER GODØY	-	-	-	1
5653	VALKVÆ	-	-	-	5
5702	YTTERLAND NÆRINGSOMR.	765	-	-	7
5703	SKARET NÆRINGSOMR.	-	-	-	-429
5704	GJØSUNDSÆTRA NÆRINGSOMR.	45	-	-	-
5752	GJØSUND NÆRINGSOMR.	-	375	375	129
5852	GEILEVIKA NÆRINGSOMR.	-28	-	-	-
6005	GANGVEG/LEIDNINGAR SÆTRA	1	-	-	255
6006	TEKNISKE ANLEGG OKSNES	882	-	-	7 056
6007	LØKEVEGEN M/LEIDN.ANLEGG	32	-	-	-
6009	FRIOMRÅDE YTTERLAND	-	-	-	1

9 TEKNISK		Regnskap	Buds(end)	Budsjett	Regnskap
Prosjekt	Alle tal i heile 1000	2018	2018	2018	2017
6014	TRAFIKKFØREMÅL VALDERØY BARNESKULE	7	-	-	83
6017	YTTERLANDSNESET	112	200	-	102
